



# Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde



2015



<i>Tittel:</i> Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	
<i>Forfattar:</i> Ingunn Bårtvedt Skjerdal og Siri Wølneberg Bøthun, Aurland Naturverkstad Alf Erik Rørvik, verneområdeforvaltar for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	<i>Dato:</i> 16.3.2015
<i>Referanse:</i> Rørvik, Alf Erik, Skjerdal, Ingunn B. og Bøthun Siri W., 2015, Forvaltningsplan for Naustdal – Gjengedal landskapsvernombord	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Tore Larsen Alf Erik Rørvik
<i>Referat:</i> <p>Framlegget til forvaltningsplan for Naustdal – Gjengedal landskapsvernombord byggjer på Forskrift om vern av Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord i Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal kommunar i Sogn og Fjordane. Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å fremje verneformålet for landskapsvernombordet. I hovudsak skal planen gje utfyllande retningsliner for tolking og handsaming av verneforskrifta i samsvar med verneformålet. Dette skal danne eit felles grunnlag for utøving av skjønn i sakshandsaminga, og bidra til samordna praksis mellom forvaltingsorgana.</p> <p>Det overordna målet for forvalting av landskapsvernombordet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturombord som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep. Det er viktig å ta vare på området med stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld, og å gi høve til utøving av enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.</p> <p>Planen gjev oversikt over problemstillingar knytte til vern og bruk, og skisserer tiltak som kan gjennomførast for å oppnå ei balansert forvalting innanfor rammene av verneføremålet. Planen gjev òg tilrådingar om tilretteleggingstiltak.</p>	
<i>Forsideillustrasjon:</i> Årdalskupa og Kupevatnet foto: Rune Holen	<i>Emneord:</i> Forvaltningsplan landskapsvernombord
<i>Produsert av:</i> <p>Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no</p> <p>Naustdal-Gjengedal verneområdestyre Njøsavegen 2 6863 Leikanger Tlf: 57643138, 95889475 e-post: naustdal-gjengedal@fylkesmannen.no</p>	



## Forord

Dette framlegget til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombråde har vore under utarbeiding i perioden september 2009 til februar 2015.

Aurland naturverkstad AS har stått for utarbeiding av framlegget på oppdrag og i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Ei referansegruppe har vore aktiv i samband med arbeidet med planen. Gruppa har vore samansett av representantar frå administrasjonen i Førde, Gloppe, Jølster og Naustdal, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag og grunneigarrepresentantar frå Førde, Gloppe, Jølster og Naustdal.

Under arbeidet med planen har det komme mange gode innspel frå referansegruppa, tilsette i kommunane og grunneigarar i området.

Dette høyringsutkastet for framlegg til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombråde vart sendt ut på høyring sommaren/hausten 2014.

Arbeidet med planen vart starta av Siri Wølneberg Bøthun og vidareført av Ingunn Bårveldt Skjerdal. Karta i planen er utarbeidd av Lars André Uttakleiv hjå Aurland Naturverkstad AS.

Etter at Aurland Naturverkstad leverte sitt utkast til forvaltningsplan, vart utkastet sendt til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning.

I samarbeid med Miljødirektoratet har verneområdeforvaltar gjort enkelte justeringar på utkastet, slik at utkastet no er klart til å sendast ut på høyring.

Verneområdestyret vil takke Aurland Naturverkstad for eit grundig og godt utført arbeid og eit godt utkast til forvaltningsplan.

Førde, 16.3.2015

Håkon Myrvang, styreleiar

# Innhold

<b>Forord .....</b>	<b>i</b>
<b>Etter at Aurland Naturverkstad leverte sitt utkast til forvaltningsplan, vart utkastet sendt til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning. ....</b>	<b>i</b>
<b>Innhold .....</b>	<b>ii</b>
<b>1 Innleiring .....</b>	<b>4</b>
1.1 Bakgrunn.....	4
1.2 Mål for vernet.....	5
1.2.1 Mål for forvaltningsplanen .....	7
1.3 Lovverk og juridiske rammer .....	7
<b>2 Områdeskildring .....</b>	<b>12</b>
2.1 Naturtilhøve og verneverdiar .....	12
2.1.1 Landskapsverdiar .....	12
2.1.2 Geologi .....	14
2.1.3 Klima .....	15
2.1.4 Planteliv .....	15
2.1.5 Dyreliv .....	18
2.1.6 Kulturminne og kulturmiljø.....	21
2.2 Tekniske inngrep.....	22
<b>3 Forvaltingsmål og bevaringsmål .....</b>	<b>23</b>
3.1 Sentrale prinsipp for forvaltinga .....	23
3.2 Mål for forvaltinga av verneområdet .....	23
3.3 Forvaltingsmål .....	24
3.4 Bevaringsmål .....	24
<b>4 Brukarinteresser .....</b>	<b>25</b>
4.1 Landbruk.....	26
4.1.1 Status og utfordringar.....	26
4.1.2 Kva seier forskrifa? .....	29
4.1.3 Retningslinjer for brukarar og forvaltinga .....	30
4.1.4 Vurdering av miljørettprinsippa i naturmangfaldlova (nml) .....	32
4.1.5 Tiltak .....	32
4.2 Utmarksnæring, jakt og fiske .....	33
4.2.1 Status og utfordringar.....	33
4.2.2 Kva seier forskrifa? .....	34
4.2.3 Retningslinjer for brukarar og forvaltinga .....	35
4.2.4 Tiltak .....	35
4.3 Friluftsliv .....	36
4.3.1 Status og utfordringar.....	36
4.3.2 Kva seier forskrifa? .....	40
4.3.3 Retningslinjer for brukarar og forvaltinga .....	41
4.3.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml) .....	43
4.3.5 Tiltak .....	43
4.4 Reiseliv.....	44
4.4.1 Status og utfordringar.....	44
4.4.2 Kva seier forskrifa? .....	44
4.4.3 Retningslinjer for brukarar og forvaltinga .....	45
4.4.4 Aktuelle tiltak knytte til reiseliv .....	46
4.5 Motorisert ferdsle.....	47
4.5.1 Status og utfordringar.....	47
4.5.2 Kva seier forskrifa? .....	48

4.5.3	Retningsliner for brukarar og forvaltinga .....	49
4.6	Bygningar.....	53
4.6.1	Status og utfordringar .....	53
4.6.2	Kva seier forskrifa? .....	53
4.6.3	Retningsliner for brukarar og forvaltinga .....	54
4.6.4	Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml) .....	59
4.6.5	Tiltak .....	59
4.7	Kraftanlegg og andre tekniske inngrep .....	60
4.7.1	Status og utfordringar .....	60
4.7.2	Kva seier forskrifa? .....	60
4.7.3	Retningsliner for brukarar og forvaltinga .....	61
4.8	Forsking og undervisning.....	62
4.8.1	Status og utfordringar .....	62
4.8.2	Kva seier forskrifa? .....	62
4.8.3	Retningsliner for brukarar og forvaltinga .....	62
<b>5</b>	<b>Forvaltningsoppgåver og tiltak.....</b>	<b>63</b>
5.1	Sakshandsaming .....	63
5.2	Oppsyn .....	65
5.3	Informasjon .....	65
5.4	Kartlegging.....	67
5.5	Skjøtsel .....	67
<b>6</b>	<b>Referansar.....</b>	<b>68</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>.....</b>	<b>71</b>
Vedlegg 1	Verneforskrift .....	71
Vedlegg 2	Status for fiskebestandear (stort sett aure) i vatn innanfor Naustdal-Gjengedal Landskapsvernområde.....	76
Vedlegg 3	Oversyn over bygningar mm. i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.....	78
Vedlegg 4	Temakart kulturminne .....	80
Vedlegg 5	Bilete frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde .....	81

# **1 Innleiing**

## **1.1 Bakgrunn**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 9. januar 2009. Verneområdet ligg innanfor kommunane Førde, Gloppe, Jølster og Naustdal i Sogn og Fjordane fylke og utgjer eit samla areal på 393,3 km<sup>2</sup>. Fordelt på kommunane ligg 24,6 km<sup>2</sup> i Førde, 231,6 km<sup>2</sup> i Gloppe, 54,4 km<sup>2</sup> i Jølster og 82,5 km<sup>2</sup> i Naustdal.

Til grunn for vernet ligg omfattande planprosessar som har tatt for seg vassdragsvern, vassdragsutbygging og naturvern. Stortinget vedtok i 1993 samla plan for vassdrag, der både Naustdalsvassdraget og Gjengedalsvassdraget var plassert i kategori I, dvs vassdrag der det kan søkjast om konsesjon for vassdragsutbygging. Den same våren slutta Stortinget seg til nasjonalparkmeldinga. Her vart det avgjort at det skulle utarbeidast framlegg til verneplan for fjellområdet mellom Naustdal og Gjengedal.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utarbeidde ein felles plan med framlegg til verneplan (landskapsvernombordet) og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal. Arbeidet vart styrt av ei felles styringsgruppe med representantar frå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane, grunneigarane, Sogn og Fjordane Energi og Naturvernforbundet. Planframlegget vart lagt ut til høyring i mars 2000. I februar 2001 sendte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane den delen av planframlegget som gjaldt Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet til Direktoratet for naturforvalting (DN). DN sendte si tilråding til Miljøverndepartementet i november 2001.

Som grunnlag for verneframlegget i 2001 vart det utarbeidd eit faktagrunnlag. Faktagrunnlaget er ei oppsummering av kjend kunnskap om området. Det vart ikkje lagt ned ressursar i nyregistrering av verneverdiane. Det vil seie at ein ikkje har oppdatert kunnskap om verneverdiane i området. Unntaket er villrein, der det er utarbeidd ei kartlegging i løpet av hausten 2010.

I 2005 vart Naustdalsvassdraget varig verna gjennom verneplan IV for vassdrag.

Arbeidet med forvaltningsplanen starta i januar 2010, og arbeidet har vore leia av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i samarbeid med Aurland Naturverkstad AS. Det har vore nedsett ei referansegruppe for arbeidet med medlemmar frå kommunane, grunneigarane og Sogn og Fjordane Turlag. Det er gjennomført to møte i referansegruppa, i januar og september 2010.

Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal overtok forvaltningsansvaret for området då styret vart konstituert 13. mai 2011. Det er verneområdestyret som har ansvar for forvaltningsplanen.

## 1.2 Mål for vernet

Ei sentral målsetting ved oppretting av landskapsvernombordet er å ta vare på landskapet sitt sær preg og karakter (jf. § 36 i naturmangfaldlova). Restriksjonsnivået er gjennomgående lågare enn for nasjonalparkar og naturreservat. Naturmangfaldlova § 36 handlar om landskapsvernombordet generelt. Verneføremålet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet står i verneforskrifta § 2.

### Naturmanfaldlova § 36: Landskapsvernombordet

*Som landskapsvernombordet kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart.*

*I et landskapsvernombordet må det ikke settes i verk tiltak som kan endre det vernehedde landskapets sær preg eller karakter vesentlig. Pågående virksamhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på den samlede virkning av tiltakene i området. I forskriften kan det gis bestemmelser om hva som kan endre landskapets sær preg eller karakter vesentlig, om krav til landskapsmessig tilpassing, og om ferdsel som ikke skjer til føts.*

*For de deler av landskapsvernombordet der bruk er en vesentlig forutsetning for å ivareta verneføremålet, skal det senest samtidig med vedtak om vern etter første ledd legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneføremålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.*

*Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtselsplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.*

### Verneforskrifta § 2. Formål

*Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det innehold. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

I landskapsvernombordet er det ikkje tillate å sette i verk tiltak som kan skade eller endre landskapet sitt sær preg eller karakter vesentlig. Jord- og skogbruk kan normalt halde fram på same måte som før vernevedtaket, men verneforskrifta gjer at omsynet til landskapsmessige konsekvensar av verksemda skal vektleggast i større grad enn utanfor vernegrensa. Det kan også vere ønskjeleg å oppretthalde driftsformer som har skapt ein spesiell og kulturpåverka vegetasjonssamansettning, t.d. beiting av bufe.



- Landskapsvernområde
- Sti
- Sti merka
- Traktorveg

**Figur 1.** Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, oppretta ved kongeleg resolusjon 9. januar 2009

### **1.2.1 Mål for forvaltningsplanen**

Forvaltningsplanen er fastsett som ein del av den naudsynte oppfølginga av vernevedtaket, med aktiv og føreseieleg forvalting av verneområda i Noreg som mål (Direktoratet for naturforvalting (2008)).

Forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord er utarbeidd med heimel i § 5 i verneforskrifta. Verneforskrifta setter rammer for forvaltningsplanen og forvaltningsplanen kan derfor ikkje utforme retningslinjer som går ut over det som er heimla i verneforskrifta.

Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik verneforskrifta er, men forvaltningsplanen kan vere juridisk bindande der føresegna i verneforskrifta viser direkte til forvaltningsplanen.

Innhaldet i forvaltningsplanar er definert i Miljødirektoratet (tidlegare Direktoratet for naturforvalting) si Handbok 17-2001, Forvaltingshandboka, kap. 5 (oppdatert september 2010).

*"Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å fremje verneformålet for landskapsvernombordet. I hovudsak skal planen gje utfyllande retningsliner for tolking og handsaming av verneforskriftene i samsvar med verneformålet. Dette skal danne eit felles grunnlag for utøving av skjønn i sakshandsaminga, og bidra til samordna praksis mellom forvaltingsorgana.*

*Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvalting, som ansvarleg fagstyremakt for forvalting av nasjonalparkar og andre større verneområde. Ein forvaltningsplan skal byggje på verneforskriftene, og kan ikkje gå ut over desse."*

Ved å utarbeide forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord ønsker man å få ei samla oversikt og behandling av brukarinteresser og problemstillingar. Hovudføremålet med forvaltningsplanen er å trekke opp retningslinjer og konkretisere felles mål for forvaltninga, slik at føremålet med etableringa av verneområde blir ivaretatt. Det er et mål at forvaltningsplanen skal etablere gode rutinar for samarbeid og fordeling av oppgåver mellom aktørane lokalt, regionalt og nasjonalt. Forvaltningsplanen vil også fungere som en rettleiar for brukarar av området, deriblant grunneigarar, frivillige organisasjonar og turfolk. Forvaltningsplanen har eit langsigkt perspektiv og skal reviderast etter cirka 10 år. Sidan dette er den første forvaltningsplanen for landskapsvernombord skal planen reviderast tidlegare, innan 10 år er gått.

## **1.3 Lovverk og juridiske rammer**

### **Verneforskrift**

Forskrift om verneplan for Naustdal - Gjengedal landskapsvernombord vart fastsett med heimel i lov av 19. juni 1970 nr 63 om naturvern (naturvernlova). Verneforskrifta ligg til grunn for forvaltningsplanen for området.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord blei oppretta i medhald av naturvernlova av 1970. Naturvernlova blei oppheva då naturmangfaldlova (nml) blei vedtatt 19. juni 2009. Forskrifter oppretta med heimel i naturvernlova står ved lag inntil Kongen bestemmer anna, jf. nml § 77. Det vil seie at verneforskrifter oppretta etter naturvernlova framleis gjeld, og at forskriftene skal forvaltast i tråd med intensjonen på vernetidspunktet. Naturmangfaldlova sine føresegner vil likevel supplere og utfylle eldre verneforskrifter.

Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter ("Forvaltning av verneforskrifter, Rundskriv" - november 2001, revidert 2010) omhandlar krav til sakshandsaming i medhald av verneforskriftene for verneområder. I eit verneområde må eit eventuelt tiltak oppfylle krava både etter naturmangfaldlova og etter verneforskrifta. Ved motstrid mellom føresegner eller lovverk vil forskrifter gitt i medhald av naturvern- eller naturmangfaldlova normalt gå framfor andre føresegner og lover.

### **Naturmangfaldlova og vurdering av dei miljørettslege prinsippa (nml §§ 8-12)**

Naturmangfaldlova (nml) av 19.juni 2009 er den generelle lova som omhandlar all natur, forvaltinga av den og korleis ein skal ta omsyn til naturen i alle saker som påverkar naturen.

Naturmangfaldlova sitt kap II er sentral for forvaltningsplanen og for offentlege vedtak. I følgje § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova leggast til grunn for utøving av offentleg mynde. Det skal og gå fram av slutninga korleis desse prinsippa er vurdert i den enkelte saka. Forvaltningsplanen med retningslinjer er også underlagt dette kravet om vurdering opp mot nml §§ 8-12.

#### Vitskapsgrunnlaget (§ 8)

Etter § 8 i nml skal offentlege vedtak som kan påverke naturmangfaldet så langt det er rimeleg og mogeleg, byggje på vitskapleg kunnskap om det naturmangfaldet som kan verte påverka, og dei effektane tiltaket eller inngrepet kan ha.

Kunnskapsgrunnlaget om naturforholda i Naustdal-Gjengedal er henta frå tilgjengeleg litteratur, ulike databasar, registreringar i samband med verneprosessen og innspel og erfaringar som har blitt spelt inn frå referansegruppa med fleire i samband med førearbeida til denne planen. Sjå litteraturlista bakarst for meir konkrete tilvisingar.

Verksemdu som går føre seg i området pr. i dag blir omtala i kapittel 4. Verneforskrifta opnar for at bruk som allereie går føre seg kan fortsette. For enkelte aktivitetar vil det gjelde restriksjonar, slik at naturverdiane får auka vern. Retningslinjene som er omtala i forvaltningsplanen er sett med utgangspunkt i verneforskrifta og rammene som følger for kva for type aktivitetar som er tillate og ikkje. Dei tillatne aktivitetane kan halde fram, då ein ut frå kunnskapsnivået vi har i dag meiner det er lite sannsynleg at aktivitetane har negativ innverknad på artane, naturtypane og landskapselementa.

#### «Føre-var-prinsippet» (§ 9)

Når ein skal ta avgjerd utan at tilstrekkeleg kunnskap kring verknad av den på naturmiljøet, skal ein vere «føre-var» og det skal takast sikte på å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet. I enkelte tilfelle kan utilstrekkeleg kunnskap kring effektane av eit tiltak derfor føre til at ein ikkje kan opne for det tiltaket.

Kunnskapen er generelt sett god kring effektane av dei retningslinene som er sett i forvaltningsplanen og «føre-var-prinsippet» vert ikkje lagt særlig vekt på generell basis.

#### Økosystemtilnærming og samla belasting (§ 10)

Naturmangfaldlova § 10 handlar om at ein skal ha ei økosystemtilnærming i vurderinga og at den samla belastinga som eit område vert utsatt for ikkje skal verte så stor at det går ut over naturkvalitetane. Retningslinjene i forvaltningsplanen legg avgrensingar på mengda av tiltak og inngrep som kan gjennomførast. Alle vurderingar skal gjerast med eit heilskapleg fokus.

#### Kostnader ved miljøforringing (§ 11)

I følgje § 11 skal kostnadane ved skade på miljøet berast av den som står for tiltaket. Dersom det er forventa skade på naturmiljøet kan ein krevje at tiltakshavar dekkjer kostnaden ved å hindre eller avgrense skaden, eventuelt kostnader ved opprydding eller oppretting.

### Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

Gjennom § 12 i naturmangfaldlova kan ein legge føringar for lokalisering og for driftsmetodar, slik at tiltaka skal vere so skånsame som mogeleg.

I forvaltningsplana er det lagt fleire slike føringar, særleg gjennom retningslinjer for forvaltinga, for lokaliseringar og skånsame metodar. Val av trase og plassering vil verte vurdert i kvar enkelt sak.

### **Naturmangfaldlova sin generelle dispensasjonsparagraf**

Naturmangfaldlova har ei generell dispensasjonsføresegns, jf. § 48, som fører til at den generelle dispensasjonsføresegna (§ 4) i verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er sett ut av kraft (jf. § 77) og erstatta av § 48.

#### ***Naturmangfaldslova § 48: dispensasjon fra vernevedtak***

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

[...]

I lokal verneområdeforvaltning er det første alternativ i dispensasjonsparagrafen som er mest aktuell. Paragrafen kan brukast til tilfelle som ikkje er omtalt i verneforskrift eller i førearbeida, og som ikkje er i strid mot verneføremål og ikkje har nemneverdig negativ påverknad på verneverdiene. Denne dispensasjonsparagrafen skal berre brukast unntaksvis, i uforutsette eller særskilte tilfelle. Bestemmelsen gjelder i første rekke bagatellmessig inngrep eller forbigåande aktivitet som er av stor betydning for søker sammenholdt med verneverdiene.

### **Tilhøvet til anna lovverk**

Ein del tiltak som kan vere aktuelle i verneområdet er og regulert av ulike sektorlover. Då anna regelverk gjeld i tillegg til verneforskriftene og naturmangfaldlova vil eit tiltak i mange tilfelle også måtte handsamast etter fleire regelverk. For eksempel vil ein byggesøknad både trenge løyve etter verneforskrifta og løyve etter plan- og bygningslova.

Anna aktuelt lovverk er til dømes:

- Kulturminnelova
- Viitlova
- Friluftslova
- Laks- og innlandsfiskelova
- Beite- og bufelova
- Motorferdsellova
- Plan- og bygningslova
- Forureiningslova
- Jordlova
- Skogbrukslova

## **Relevante arealplanar**

### **Fylkesdelplanar**

- Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal omfattar landskapsvernområdet og tilgrensande stølsdalar. Det er utarbeidd retningsliner for arealbruken i stølsdalane utanfor landskapsvernområdet, men areala er ikkje gitt ei konkret avgrensing på kart.
- Fylkesdelplan for arealbruk omfattar tidlegare fylkesdelplan for friluftsliv, der m.a. viktige friluftsområde er kartfesta. Område 53 i fylkesdelplanen ("Naustdal-Gjengedal") svarar nokolunde til kjernen i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og er vurdert til å vere av nasjonal verdi for friluftsliv.

## **Kommunale planar**

### **Førde kommune**

- Arealdelen til kommuneplanen for Førde kommune er vedteken 22.06.2006. Areala rundt verneområdet er i hovudsak sett av til landbruks-, natur og friluftsområde.
- Ved Botnavatnet ligg eit regulert hyttefelt, Botnavatnet hyttefelt. Planen vart vedteken 09.06.1997

### **Gloppen kommune**

- Arealdelen til kommuneplanen for Gloppen kommune er vedteken 12.10.2009. Areala rundt verneområdet er i hovudsak sett av til landbruks-, natur og friluftsområde.
- I Traudalen ligg eit område med utbyggingsplan for hytte og naust. Planen vart vedteken 22.08.2002. Den inste delen av planområdet ligg innanfor verneområdet og har ikkje rettsverknad. I verneforskrifta § 3 , 1.3 punkt e er det opna for at forvaltingsstyretemakta kan gje løyve til oppføring av naust ved austenden av Traudalsvatnet i samhøve med vedteken kommuneplan frå 1998.
- Mellom Storevatnet og Dalevatnet, like utanfor grensa til verneområdet, ligg eit regulert hyttefelt, Dalelia hyttefelt, frå 1990.

### **Jølster kommune**

- Arealdelen til kommuneplanen – areala som grensar til landskapsvernområdet er sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde.

### **Naustdal kommune**

- Kommunedelplan for Vona er behandla og godkjent av Naustdal kommune i 2002. Planen tek for seg areal både utanfor og innanfor verneområdet. Planen opnar for spreidd hyttebygging i området ved Vonavatnet. Det er vidare opna for bygging av naust. Tiltak innanfor verneområdet er bygging av ein traktorveg og trasear for oppkøyring av skiløyper. Når det gjeld skiløypekøyring er det ikkje samsvar mellom kommunedelplanen og verneforskrifta. Det er verneforskrifta som gjeld.

## **Forvaltingsmynde**

Forvalting av verneområde er eit delt ansvar mellom statlege og lokale styresmakter. Dei statlege forvaltingsorgana er Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet og fylkesmennene. Regjeringa vedtok i 2009 at større verneområde kan forvaltast lokalt. Den nye forvaltingsmodellen gir forvaltingsansvaret til eit interkommunalt verneområdestyre, i form av eit politisk utval med ein representant frå fylkeskommunen og ein representant frå kvar kommune som har areal innanfor det verna området. Samstundes skal det tilsetjast ein statleg tilsett verneområdeforvaltar, som skal fungere som sekretær for verneområdestyra.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vart konstituert 13. mai 2011, og det er tilsett verneområdeforvaltar for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet. Forvaltaren fungerer også som sekretær for Ålfotbreen verneområdestyre. Verneområdestyret har ansvar for å forvalte store nasjonale verdiar. Forvaltingsmyndet for landskapsvernombordet vart delegert til styret då dette vart konstituert 13. mai 2011. Det er verneområdestyret som har vedtaksmynne i verneområdeforvaltinga og er ansvarleg for forvaltningsplanen. Forvaltaren er tilsett av Fylkesmannen, men er underlagt verneområdestyret og har arbeidsplassen lokalisert på Sandane i Gloppen, som er ein av vertskommunane.

Kommunane har forvaltingsoppgåver i landskapsvernombordet med heimel i lovverk som t.d. plan- og bygningslova og motorferdselslova.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har mynde når det gjeld fylkesplanlegging og kulturminneforvalting.

## 2 Områdeskildring

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er eit tilnærma urørt og samanhengande fjellområde som ligg mellom Sunnfjord og Nordfjord. Dalføra er forma av isen og har for det meste U-forma tverrprofil, og lengdeprofil med tersklar og trau. Hengande sidedalar er vanlege i området.

Frå kjerneområdet aust for Inste Langevatnet drenerer dei største elvane i ulike retningar. Naustdalsvassdraget startar ved Vassvendevatnet aust for Inste Langevatnet og renn vestover mot Vonavatnet og deretter sørvestover ned gjennom Naustdal. Aust for Vonavatnet ligg eit stort og særmerkt elvedelta og myrområde.

Gjengedalsvassdraget startar i området ved Blådalen som ligg nord for Inste Langevatnet, og renn nordover gjennom Måsevassdalen, til Storevatnet ved Gjengedalstøylen, og vidare ned gjennom Gjengedal og Ommedal til Hyen i Nordfjord. Ved Storevatnet er dalføret breitt og omkransa av avrunda fjell.

Frå det same sentrale fjellområde drenerer også ein del mindre vassdrag ned mot Angedalen i Førde i sørvest, mot Jølstravatnet i sør, mot Breimsvatnet i aust og mot Gloppefjorden i nord.

Fjella er for det meste avrunda, men med einskilde egger. Dei høgste fjella ligg i austre del mot Breimsvatnet. Fleire av fjella er forholdsvis flate på toppen og ligg i omlag same høgdenivå, noko som kan forklarast med at dei er restar av ei gammal høgslette (peneplanet) som fanst før isen og elvane forma landskapet slik vi ser det i dag.

Det høgste fjetlet er Botnafjellet på 1572 moh, og elles er Skjorta på 1472 moh godt synleg frå Breim. Blåfjellet på 1390 moh som ligg mellom Langevatna og Måsedalen er det høgste fjetlet i Naustdal kommune. Under dei høgste fjella, særleg i aust, er det fleire mindre (botn)brear.

Samla sett representerer Naustdal-Gjengedal eit naturområde med stor variasjon frå dalar til høgfjell og brear. Dei mange dalane med elvar og fleire mindre vatn er karakteristisk for området. Her finn ein også verfulle kulturlandskap med kulturminne, og eit stort område med "villmarkspreg" etter definisjonane for inngrepssfrie naturområde i Noreg (INON).


### 2.1 Naturtilhøve og verneverdiar

#### 2.1.1 Landskapsverdiar

Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) har gjennomført ei vurdering av landskapet i Noreg ut frå ei samla vurdering av naturgjevne faktorar og kulturpåverknad. Naustdal - Gjengedal vart vurdert i 1998, og høyrer til landskapsregion 15: *Lågfjellet i Sør-Norge*. Landskapet er visuelt vurdert ut frå følgjande komponentar; forma på landskapet, vassdrag, vegetasjon i landskapet, og eventuelle stølar, hytter og andre tekniske anlegg. Heile Naustdal - Gjengedal sett under eitt vart vurdert til klasse "*A2: Eineståande i regionen og med høg inntrykksstyrke og formrikdom*". Rapporten konkluderer med at landskapet, og særleg vassdragsnaturen, er blant dei beste ein finn i landskapsregionen. To område vart klassifisert som "*A1: Det ypparste og mest eineståande i regionen*", Traudalen i Gloppe og området frå Vonavatnet og innover mot Langevatna i Naustdal. (faktagrunnlaget 1999)

### Villmarksområde (inngrepsfri natur)

I Sogn og Fjordane er det seks større naturområde med villmarkspreng etter definisjonane i Inngrepsfri naturområde i Noreg (INON). Eit av desse er fjellområda i Naustdal - Gjengedal. Det er ingen andre villmarksområde av tilnærma same storleik som ligg så langt vest i landet, med unntak av i Stølsheimen og eit område ved Folgefonna. Merk at INON ikkje er eit forvaltningsverkty, men ein indikator for status for inngrepsfrie areal.



**Figur 2.** Syner inngrepsfrie naturområder (INON) i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombude. Mørkeraud strek er grensa til verneområdet. Dei grøne sonene areal som er >1 km, >3km og >5 km frå tyngre tekniske inngrep.  
Kjelde: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2015.

## 2.1.2 Geologi

### Berggrunn

Berggrunnen består hovudsak av grunnfjell med granittiske gneisar som jamt over er harde og sterke mot vitring, noko som gjev lite og næringssvake lausavsetningar. Av andre bergartar i området kan nemnast mørke glimmergneisar, amfibolitt, granittar, monzonittar, biotittgneisar, kvartsskifer, glimmerskifer, kalkstein, og serpentinit.

### Lausmassar

Generelt er det lite lausmassar i området, men dei er likevel med på å prega landskapet. Over 700-800 moh er berggrunnen utan lausmassedekning, men med noko blokkmateriale og litt grus inn i mellom. På mange måtar har landskapet her eit typisk høgfjellspreng. Under 700 moh kjem dekke med botnmorene som tynne og usamanhengande avsetningar. Mykje av det som er tolka som botnmorene, er truleg vitringsjord danna ved oppløsing av berggrunnen. Vitringsa er avgrensa til dei områda der ein finn omdanna avsetningsbergartar.

I dalbotnane i aust, i Gloppe og Jølster, finn ein tjukke morenelag, ofte med blokkrik overflate. Randmorenar avsett av lokale botnbrear frå slutten av siste istid førekjem i nordre og austre deler av planområdet. Her er eit ytre trinn som ligg i dalmunninga og eit indre trinn som ligg heilt inn i botnane. Skredavsetningar og blokkur er vanleg og ligg som vifter i dei nedre delane av mange av fjellsidene. Torvavsetningar førekjem mange stader, men ser ut til å vera vanlegast i dei vestre delane av verneområdet. Torvområda kan ha stor tjukne og finst både i dalbotnen og nedst i liene. Breelvavsetningar og elveavsetningar har generelt lita utbreiing.

### Geomorfologi / landskapsformer

Landskapsformene er danna som eit resultat av breerosjon under siste istid, i kombinasjon med avsetningar etter istida. Sprekksoner og forskjell i bergartsstyrke har også verka inn på landskapsformene slik dei er danna. Dei sentrale og austlege delane av området har vore nedisa i lengst tid. Dette har ført til at dei mest markerte alpine landskapsformene finst i denne delen av planområdet. I planområdet er det elles spor i høgdeområda etter det gamle peneplanet frå tertiar tid som var erosjonsbasis før den store landhevinga.

### Geologiske verneverdiar

Til liks med mange andre lågfjell- og fjellskogsområde er store delar av Naustdal - Gjengedal området fattig på avsetningar og kvartærgeologiske former. Dei iaugefallande randmorenane avsett av botnbrear, som ligg i botnane kringom og truleg er frå Yngre Dryas, er likevel meir markerte her enn mange andre stader på Vestlandet. Aktiv danning av slike moreneryggjar går og føre seg i dag, og på denne måten er området eit demonstrasjonsområde for prosessane i naturen. Botnformasjonar er truleg sterkare utvikla her enn dei fleste andre stader i fjellet på Vestlandet.

Av spesielt interessante geologiske element kan desse nemnast:

- Godt utvikla grusstrand ved nordaustenden av Storevatnet
- Markert erosjonskant i breelvdeltaet ved austenden av Storevatnet
- Breelvavsetning ved Byrkjeneset på nordsida av Storevatnet
- To store gjel i lia ovanfor Byrkjeneset
- Jettegryter i ein fjellterskel på tvers av elveløpet i Måsevassdalen
- Fleire hundre meter lang esker (ryggforma subglacial avsetning) i dalbotn opp mot Måsevatnet
- Vifteforma breelvavsetning med fleire daudisgropar ved sørrenden av Måsevatnet
- Meanderdeltaet ved innløpet til Vonavatnet
- Esker i dalbotnen aust for Nesstølen, aust for Vonavatnet.

#### **2.1.3 Klima**

Naustdal-Gjengedal ligg i klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Dei indre delane av området kan ha heilt opp mot 3000mm nedbør i året, medan resten av området har om lag 2000mm i årsnedbør. Området har 220-240 dagar i året med 0,1 mm nedbør eller meir. Dei vegetasjonsgeografiske sonene ein finn i området er mellomboreal, nordboreal og alpin vegetasjonssone.

#### **2.1.4 Planteliv**



I samband med utbyggingsplanar for Gjengedalsvassdraget og for Naustdalsvassdraget vart det gjort ein del botaniske granskningar på 1970- og 1980-talet av Botanisk museum i Bergen. Generelt er vegetasjonen i området prega av eit avgrensa tal lite kravfulle og nokså artsfattige vegetasjonstypar. Under skoggrensa er mesteparten av arealet dekt av meir og mindre artsfattig fjellbjørkeskog og myr. Over skoggrensa er terrenget dominert av næringsfattige heitypar. Dei lågproduktive skogstypane er vanlege i fylket, og har låg ressurs- og verneverdi.

Både ved Vonavatnet og Storevatnet finst det små areal med artsrik og høgproduktiv bjørkeskog som er viktig for vilt som til dømes rein og hjort. Desse områda har monaleg verneverdi, og særleg den rike fjellbjørkeskogen på sørsida av Storevatnet har stor biologisk interesse. Det store myrdeltaet aust for Vonavatnet er svært interessant både på grunn av storlek, variasjon og botanisk produksjon. Dette representerer ein sjeldan landskapstype som det ikkje finst tilsvarande døme på i fylket. Torvavsetningane er opptil 2,5 m tjukke, og området har stor verdi for vegetasjonshistoriske studiar.

## Registrerte naturtypar

Gjennom kommunane si naturtyperegistrering vart det i liten grad gjort registreringar innanfor landskapsvernområdet, men følgjande naturtypar er registrerte:

Naturtypeområde	Naturtype	Verdi	
Stegsvatnet Ø (BN00017879)	Kalkrike område i fjellet	Svært viktig	Artsrik rasmak
Tangane (BN00017928)	Deltaområde	Lokalt viktig	Store myreal kring Vonavatnet. Det er observert 52 fugleartar i Vona-området
Vona (BN00017929)	Slåttemark	Lokalt viktig	Slåttemark knytt til Vona gard. Framhald av slått er viktig
Storevatnet nordaustside (BN00001881)	Andre viktige førekomstar	Lokalt viktig	Verdifull botanisk lokalitet med bakkemyrer og flatmyrer
Byrkjeneset (BN00001882)	Bjørkeskog med høgstaudar	Viktig	Spesielt verdifull botanisk lokalitet med rik bjørkeskog raudlisteart.
Dalelia (BN00001883)	Bjørkeskog med høgstaudar	Viktig	Spesielt verdifull botanisk lokalitet med rik bjørkeskog.
Dalen (BN00001884)	Bjørkeskog med høgstaudar	Lokalt viktig	Spesielt verdifull botanisk lokalitet med rik bjørkeskog.
Dalevatnet - Veslevassstronda (BN00001885)	Bjørkeskog med høgstaudar	Lokalt viktig	Spesielt verdifull botanisk lokalitet med rik bjørkeskog.
Fitjeskaret - Ångsdalen (BN00001877)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Eit av dei mest planterike områda i fjellet i Nordfjord.
Gryta (BN00001880)	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig	Område med innslag av kalkkrevjande fjellvegetasjon, bør undersøkast grundigare
Morafta (BN00001876)	Kalkrike område i fjellet	Svært viktig	Austvendt fjellrygg med markert rikare flora samanlikna med omliggande fjellparti
Sessegga (BN00001910)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Åre med glimmerskifer med ei rekke kravfulle og dels regionalt sjeldne fjellplanter. Usikker avgrensing
Stoa (BN00001878)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Område med kravfulle fjellplanter
Svartekari (BN00001879)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Område med kravfulle fjellplanter
Blådalsvatnet (BN00001886)	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Område med kravfulle fjellplanter
Rettelen (BN00001925)	Rik edellauvskog	Svært viktig	Øvre del av lokaliteten, frodig lauvskog til dels i grov blokkmark.



#### NATURTYPE

- Andre viktige forekomstar
- Bjørkeskog med høgstaubar
- Deltaområde
- Kalkrike område i fjellet
- Naturbeitemark
- Rik edellauvskog
- Slåttemark

#### VERDI

- A Svært viktig
- B Viktig
- C Lokalt viktig

**Figur 3.** Kart som viser verdfulle naturtypar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (Naturbasen, DN)

I tillegg til dei naturtypane som er registrerte i tabellen, so har Svein Hjelmeset kartlagt fauna på nokre stader inne i landskapsvernombrådet på oppdrag frå verneområdeforvaltninga. Dette gjeld kalkrike områder i Fagredalen, på Tverrfjellet og ved Morafta.

Erik Solheim peikar og på nokre rike florasamfunn i si hovudfagsoppgåve om reinbeita i området frå 1979:

- Kalkkrevjande vegetasjon (storr og andre artar) på nordsida av Mosevassvatnet.
- Høgstaudeeng aust for Lofthusvatnet
- Storbregneskog nord for Holebotsvatnet
- Frodige storbregneenger på nordsida av Inste Longevatnet

### Raudlisteartar - flora

Innanfor det aktuelle verneområdet finst nokre artar på stader med kalkrik berggrunn som er sjeldne i vestnorske fjell: kastanjesiv, sotstarr, fjellpestrot, knoppssildre og fjell-lok, og nokre arter som er på den norske raudlista, alle med status nær truga: kvitkurle (*P. albida*), grannsildre, snøarve, jemtlandsrapp og alm.

### Lågare flora

Etter det ein kjenner til er det ikkje gjort systematiske registreringar av lågare flora i Naustdal-Gjengedalsområdet.

#### 2.1.5 Dyreliv


Det er ikkje gjennomført omfattande kartlegging av dyrelivet i landskapsvernombrådet. Det som er gjort av kartlegging og registreringar vart gjennomført på 1970 – og 1980 talet. Dette er gjort i samband med planar om vassdragsutbygging. Faktagrunnlaget for felles verneplan og fylkesplan har summert kunnskapen om dyrelivet i området.

### Villrein

Naustdal-Gjengedal har ei eiga villreinstamme, og området vert i forvaltingssamanhang kalla Førdefjella villreinområde. Vinter og vår trekkjer reinen einskilde stader ned i bjørkeskogen, m.a. kan kalvinga gå føre seg i bjørkeskogsliene. Hovudtyngda av villreinområdet ligg innanfor landskapsvernombrådet. Villreinen sin arealbruk går noko ut over den formelle avgrensinga av villreinområdet mot nord (i stor grad innanfor verneområdet) og mot vest (her strekkjer villreinområdet seg også utanfor verneområdet).

Villreinstamma i Førdefjella villreinområde skriv seg frå utsetting av rein i Angedalen i Førde, heilt sørvest i villreinområdet, i 1948 og 1950. Flokken hadde god tilvekst, og dyra utvida arealbruken sin og trakk etter kvart lengre nord i fjellområdet. Heile fjellområdet vart teke i bruk av dyra, og stamma hadde på 1960-talet kome opp i kring 150 dyr. Stamma fekk status som villrein i 1963, og det vart opna for villreinjakt i 1967. Forvaltingsmålet for villreinområdet er å halde stamma på rundt 100 dyr på vinterbeite. Dette er rekna ut frå området si bereevne, der tilgjengeleg vinterbeite er minimumsfaktoren.

Meir informasjon om villrein og villreinen sin arealbruk finst i ein eigen rapport, frå kartleggingsprosjekt i 2010/2011 (Bøthun in prep.).



**Figur 4.** Villreinen sin bruk av areala i og utanfor Naustdal - Gjengedal landskapsvernombrede (Bøthun in prep.).

### Hjort

Naustdal-Gjengedal er rekna som eit rikt hjorteområde med ein sunn og relativt stabil stamme. Mellom dei ulike bygdene er det fleire trekkvegar, til dømes mellom Vonavatnet og Gjengedal, og mellom Storevatnet og bygdene på sørssida av Gløppenfjorden. Både dalføra aust for Vonavatnet og aust for Storevatnet er viktige sommarbeite for hjorten.

Hjortestamma auka kraftig utover 1990-talet, og heilt fram til om lag 2010. Då flata det ut og siste åra har bestanden tilsynelatande gått litt ned. Denne utviklinga syner att på fellingstala i Gløppen kommune. I 2013 var fellingstalet for kommunen 582 dyr, mot 227 dyr i 1990.

### Andre artar

Observasjonar tyder på at det finst ein fast bestand av oter i Gjengedalsvassdraget. Observasjonane ligg i området frå Storevatn - Dalevatn og nedover til Hyefjorden. Smårvilte som rev, mår, røyskatt, villmink og snømus er vanlege artar i området. Villmink er ein framand art i norsk fauna, og er erklæra som uønska i Noreg.

## Raudlisteartar – pattedyr:

### Oter

Oter er den einaste pattedyrtarten på raudlista som er registrert i Naustdal-Gjengedalsområdet (raudlistestatus *sårbar*, VU).

### Jerv, gaupe og ulv

På 1980-talet var det fleire observasjonar av jerv i området, og det vart skote eitt dyr i 1981 og eitt i 1985. På byrjinga av 2000-talet vart det ifølgje Artskart frå Artsdatabanken gjort nokre observasjonar og funn av kadaver knytt til jerv i Gloppe og Jølster kommunar, men utanfor Naustdal- Gjengedal landskapsvernombordet. Gaupe er også svært sjeldan, truleg vart det sett eit dyr i området i 1984. Det har vore mulege synsobservasjonar etter dette og, men det er ikkje registrert dokumenterte observasjonar eller spor av desse rovdyra i landskapsvernombordet seinare. Det er registrert nokre kadaver truleg tekne av gaupe i Gloppe, Jølster og Naustdal kommune i perioden 2000 – 2006 (Artsdatabanken).

Sommaren 2014 har det vore ulv i regionen som er observert og dokumentert med sportteikn, kadaver og dna i fleire av innfallsportane til verneområdet. Vi må derfor kunne anta at det har vore ulv inne i landskapsvernombordet i 2014.

### Raudlisteartar – fuglar

Registreringar av fuglefauna er hovudsakleg knytt til vassdraga vest i området. Området er av stor verdi for kongeørn, som er oppgitt å ha fleire hekkande par. Dette kan likevel ikkje stadfestast av data i Fylkesmannen sin kartbase over hekkande rovfugl. Av rovfugl er det elles registrert tårfalk, dvergfalk og fjellvåk i området. Storlom er påvist hekkande ved Storevatnet i Gjengedalsvassdraget og ved Vonavatnet i Nausta. Ved Storevatnet er det i tillegg også registrert småspove, som er sjeldan på Vestlandet. Ved Vonavatnet er det mellom anna gjort fleire observasjonar av bergand og toppand. Myr- og deltaområda ved innløpet til Vonavatnet (Tangane) og Storevatnet er velutvikla og viktige våtmarksområde med ein relativt rik fuglefauna. Ved Tangane er det mellom anna registrert raudstilk, strandsnipe, heilo, vipe, blåstrupe og sivsporv.

Innanfor landskapsvernombordet er det påvist storfugl, orrfugl, lirype og fjellrype. Storfugl er berre påvist i dei lågareliggjande delane av området og er truleg fåtalig. Ved tidlegare granskningar i samband med utbyggingsplanar for Gjengedalsvassdraget vart det registrert 75 fugleartar, noko som er vanleg for denne type vassdrag. I Naustdalsvassdraget er det i hovudsak gjort ornitologiske granskningar knytt til Vonavatnet og våtmarkssystema ved vatnet.

Av artar på den norske raudlista og som finst i Naustdal-Gjengedal kan nemnast storlom, strandsnipe, vipe, bergirkisk, fiskemåse og bergand. Hubro er også observert i området.

### Fisk

På midten av 1970-talet vart det gjennomført grundige granskningar av tilstanden til i alt 24 vatn i området. Supplert med opplysninga frå kommunane gir dette ei ganske god oversikt over tilstanden. Generelt sett er det fisk i dei fleste vatna i området, men tilstanden varierer frå god til dårlig, og mange av vatna har for tett bestand. I Naustdalsvassdraget er det røye og aure. I resten av landskapsvernombordet er det berre aure. Eit oversyn over tilstanden for fiskestammar i vatn i landskapsvernombordet er gitt i vedlegg 2.

## Lågare fauna

Etter det ein kjenner til er det ikkje gjort systematiske registreringar av lågare fauna i landskapsvernområdet.

### 2.1.6 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er definert i Lov om kulturminne § 2:

*Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*

*Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng*

Det er generelt få registrerte kulturminne inne i landskapsvernområdet. Det ligg føre opplysningar om kulturminne i områda som har vore granska i samband med samla plan for Nausta og Gjengedalsvassdraget. I tillegg er det gjort diverse registreringar av stølane i området. Det er kulturminne knytt til utnytting av utmarksressursane som dominerer, som til dømes stølsanlegg og feleger/hellarar.

Støling er ei driftsform som går attende til yngre jarnalder, kanskje endå lengre tilbake. Mange kulturminne som tradisjonelt er rekna for å vere frå nyare tid, det vil seie etter reformasjonen i 1536, viser seg ved nærmere undersøking ofte å ha brukstid som kan strekke seg tilbake i fleire hundre eller tusen år. Det gjeld spesielt stølar, hellerar, ferdelsvegar og tufter.

#### Automatisk freda kulturminne

Innanfor landskapsvernområdet er det registrert 4 automatisk freda kulturminne (kart i vedlegg 4):

- Ei tuft ved Storevatnet kan vere frå mellomalder/ yngre jarnalder, eventuelt nyare tid.
- Eit busetnads- og aktivitetsområde sørvest for Arnestadstøylen i Langedalen. Registreringa består av 3 tufter og 2 groper. Området er automatisk freda etter kulturminneloven.
- Ei tuft i nordaustenden av Traudalsvatnet, status uavklart.
- Eit kolmileanlegg i nordaustenden av Traudalsvatnet, status uavklart.

Vegetasjonshistoriske undersøkingar viser at Gjengedalstøylen har ei tidleg rydningsfase, tolka å vere i frå vikingtid/mellomalder, men det kan ikkje utelukkast at rydninga er eldre. Det har ikkje blitt påvist tufter eller andre strukturar frå den tida (faktagrunnlag 1999).

#### Kulturminne frå nyare tid

Ved Storevatnet er det spor etter ein audegard på Byrkjeneset. Garden er nemnde i skriftlege kjelder, og skal visstnok vere teken opp i 1670-åra. Langs nord og sørsida av Storevatnet ligg ein del tufter etter utløper, som vitnar om at det var viktige utmarksslåtter i området.

Fjellområda har vore aktivt nytta som viktig beiteressurs. I landskapsvernombordet ligg det mange fjellstølar og spor etter nedlagde stølar. Dalsbøen, Arnestadstøylen og Fitjestøylen er stølar som utmerkar seg med intakte bygningsmiljø med mange sel og fjøs. Her er og viktige kulturlandskap knytt til stølane. Beitetrykket og bruken av områda i landbruksamanheng er sterkt redusert. Stølane gror att utan målretta skjøtsel. Sela på stølane vert haldne ved like, medan fjøs og løer er generelt meir i forfall når det ikkje er aktiv drift. I områda ved stølane finst det ofte andre kulturminne som uteløper og stakktufter.

I området ligg fleire stølar med få bygningar eller berre tufter i dag: Brekkestølen i Angedalen, Restølen mot Breimsvatnet, Vonastølen, Nesstølen, Nesrimma, Gotdalsstølen, og Storesveistølen i Instedalen og Haugen ved Storevatnet. Desse går fram av vedlegg nr 3.

Ved Traudalsvatnet og Langedalsvatnet er det og større naustmiljø, der båt har vore ein viktig måte å kome seg til og frå stølen på.

Langs nokre av høgfjellsvatna er det kartlagt fe-leger, steinbuer eller oppmura hellerar som har vore nytta av gjetarar, fiskarar og fangstfolk. Dette er som oftast ikkje veldig omfattande kulturminne i form, men dei er viktige som dokumentasjon på korleis fjellet har vore nytta.

Ferdsel gjennom landskapsvernombordet Naustdal - Gjengedal har mellom anna vore knytt til transport av tømmer. I Jølster var det lite naturleg furuskog (pers. med. Klakegg), og tømmer måtte skaffast frå mellom anna Hyen, Sandane og Naustdal. Det står og mange bygningar i Instedalen i Naustdal som er bygd av furutømmer frå Hyen. Transporten av dette tømmeret gjekk over fjellet med hest. Ferdsevegane i landskapsvernombordet er viktige kulturminne.

Kunnskapen om kulturminne i området er mangelfull, og dei kjente kulturminna har sterk samanheng med kartleggingar som er gjort i samband med mogleg vasskraftutbygging. Derfor er kunnskapen om kulturminne sør, aust og nord i planområdet særskilt mangelfull.

## 2.2 Tekniske inngrep

Det er få tekniske inngrep i landskapsvernombordet. Det som finst er stort sett knytt til tradisjonell bruk av området, det vil seie landbruk, jakt, fiske og friluftsliv. I praksis er tekniske inngrep å finne i form av stølar med sel og fjøs, enkelte hytter, naust ved vatn, korte vegar ved nokre av innfallsportane og einskilde bruer over elver og bekker.

Eit oversyn over eksisterande bygningar i landskapsvernombordet er gjeve i vedlegg 3.

## **3 Forvaltingsmål og bevaringsmål**

### **3.1 Sentrale prinsipp for forvaltinga**

Verneformålet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er å ta vare på eit stort og variert naturområde så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, med kulturlandskap og kulturminne. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv, dvs. naturvenleg og enkelt friluftsliv som ikkje fører til større inngrep.

I landskapsvernombordet må det ikkje settas i verk tiltak som kan endre det verna landskap sitt særpreg eller karakter vesentlig.

### **3.2 Mål for forvaltinga av verneområdet**

Det overordna målet med forvaltinga av Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er å ivareta verneverdiane. Ved å definere forvaltningsmål og bevaringsmål som konkretiserer det overordna verneformålet ønsker ein å oppnå best mogleg forvaltning av landskapsvernombordet.

*Forvaltningsmål* er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til eit verneområde. Dette gjeld både verdiar og kvalitetar knytt til areal, biologisk mangfald og naturtypar, og interesser knytt til friluftsliv, brukar- og næringsinteresser.

Bevaringsmål definerer den tilstanden ein ynskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha.

Bevaringsmål skal vere målbare. Det vil seie at dei skal presiserast gjennom mål for areal, naudsynte strukturar/prosesser og/eller førekommst av bestemte artar osb.

Verneverdiane i området skal takast vare på både ved å beskytte dei mot uønskte inngrep og fremje ønskt aktivitet. Eit ledd i dette er å auke forståinga for verneverdiane og formålet med vernet, både blant grunneigarar, brukarar, lokalbefolkinga og besökande.

Forvaltinga bør skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene ikkje skal påverke verneverdiane negativt. Søknadsprosessar knytt til bruk av området skal vere brukarvenlege, tilpassa og samkøyrd jf. kap 5.2. Trenger eit tiltak løyve etter både verneforskrifta og anna regelverk kan søker velje å søke om løyve parallelt. Vedtak skal i slike tilfelle som hovudregel fattast først etter verneforskrifta, jf. naturmangfaldlova § 48 3. ledd.

Forvaltinga bør ha ein god dialog med brukarane av området og arbeide for å finne løysingar som byggjer på vern gjennom bruk. Dette vil gjelde bruk som står opp om verneformålet, og bruk som ikkje har negative verknader for vernet. Kva former for bruk som er aktuelle, følgjer av vernereglane og av forvaltningsplanen. Der forvaltinga må prioritere mellom brukarinteressene, skal bruk som er naudsynt for å ivareta verneverdiane ha prioritet.

### **3.3 Forvaltingsmål**

I Naustdal - Gjengedal landskapsvernombordet er det eit mål for forvaltinga at:

- området kan nyttast som ein ressurs for jord og skogbruk gjennom vidareføring av bruksformer som ikkje er i strid med verneformålet
- kulturlandskapet og kulturmiljøa vert teke vare på
- talet på beitedyr i området vert halde oppe slik at kulturlandskapet vert halde ved like friluftsliv og naturoppleving skal fremjast i eit folkehelseperspektiv
- kunnskapen om verneområdet og verneverdiane hjå lokalbefolking og tilreisande skal auke gjennom eit aktivt informasjonsarbeid

### **3.4 Bevaringsmål**

Bevaringsmåla i verneområdet skal bidra til auka fokus på viktige naturkvalitetar, med systematisk oppfølging, dokumentasjon og rapportering av tilstanden til naturkvalitetane, og med det føre til betre kunnskapsgrunnlag og meir presis forvalting av verneverdiane i landskapsvernombordet.

Bevaringsmåla skal også gjere det enklare å vurdere behovet for skjøtsel eller andre naudsynte tiltak for å oppretthalde naturverdiane. Bevaringsmåla skal vere konkrete og målbare. Naturkvalitetane i verneområdet skal ha god tilstand, og tilstanden skal dokumenterast gjennom ulike formar for overvaking.

Bevaringsmål er ikkje ferdig utarbeida enno, og vil kome som eit vedlegg til forvaltningsplanen når dei er klare. Tiltak og metodar for å ta vare på verneverdiane vil då komme fram i tabell i vedlegget.

## 4 Brukarinteresser

I prosessen med å lage forvaltningsplanen har det kome inn mange bidrag, både i form av skriftlege innspeil og innspeil gjennom referansegruppa, for kva som er ynska skal vere tillate og kva tiltak som det er ynskjeleg vert gjennomført.

Det er verneforskrifta som set rammene for kva som er forbode og kva som kan tillatast i landskapsvernombordet. Dette kapittelet i planen skal vere utfyllande til reglane i forskriften og informere meir konkret om kva som er tillate og kva ein kan rekne med å få løyve til etter søknad.

### Verneforskrifta

#### § 2. Formål

*Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

#### § 3. Verneregler

##### 1. Landskapet

1.1. *Området er verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnataka som følgjer av punkt 1.2 og 1.3 i forskriften er det forbod mot inngrep som til dømes vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg eller andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, påfylling av masse, boring, sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering, anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i luft og i jord, bygging av bruar og klopper, oppsetting av skilt og merking av stiar og turløyper. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

*Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.*

## 4.1 Landbruk

### 4.1.1 Status og utfordringar

#### Beitebruk

Naustdal-Gjengedal er eit viktig og mykje nytta beiteområde. Beiteressursane i området vert først og fremst nytta av sau og lam, men det er også storfe og geit på beite i området. Gjennom fylkesmannen sitt regionale miljøprogram vert det gjev tilskot til beitedyr i verneområdet. Alle bygdene rundt verneområdet har aktiv jordbruksdrift.

Tabellen under viser talet på beitedyr i landskapsvernombordet i 2011. Talet på beitedyr har gått ned i området totalt sett, noko som er i tråd med utviklinga for heile Sogn og Fjordane. Men det er også enkelte område kor talet på beitedyr har gått opp.

Kommune	Sau og lam	Geit	Storfe	Totalt
Førde	650	25	53	728
Gloppen	4437	425	264	5126
Jølster	2625	159	83	2867
Naustdal	2459		68	2527

Beitebruken utløyer behov for mange tiltak, og vedlikehald knytt til ulike installasjonar i området:

- Bruer
- Gjerde
- Grinder
- Eventuelle master for elektroniske bjøller
- Driftevegar, rås, sti
- Utkøyring av saltstein
- Tilsynsbuer

#### Ivaretaking av kulturlandskap

Kulturlandskap er landskap som er påverka av menneska sin bruk og verksemd gjennom tidene. Vi bruker gjerne omgrepene om kulturavhengig landskap som er forma av tradisjonell hevd, og som er avhengig av at bruken held fram slik at landskapstypen skal oppretthaldast.

Det er fleire stølar i landskapsvernombordet. Stølane innanfor landskapsvernombordet er ikkje i aktiv drift, og dei vert brukt i samband med tilsyn av beitedyr og fritidsbruk. Stølane er viktige kulturmiljø. Utan aktiv skjøtsel står stølsvollar i fare for å gro att. Det vert drive aktiv skjøtsel på einskilde stølar i dag, mellom anna Arnestadstøylen. Det er behov for ei betring av kunnskapsgrunnlaget, og det kan vere behov for planar for skjøtsel av stølane.

### **Hogst**

I landskapsvernområdet er det primært bjørkeskog som er aktuell for uttak til ved. Det er praksis i dag at det vert teke ut ved til stølar og hytter.

Innanfor landskapsvernområdet er det to store granplantefelt, i Instedalen i Naustdal og i Nedrebødalen i Jølster. Granplantefeltet i Instedalen er om lag 80 da. Det er hogge sporadisk gran i dette området, seinast i 2013. Ein er avhengig av å køyre på is for å få denne skogen ut. Eventuell bygging av traktorveg til Nesstølen vil forenkle framtidig uttak av gran monaleg (jf. § 3.1.3 n)). I Nedrebødalen i Jølster kommune ligg der eit stort granplantefelt. Om lag 20 daa av granplantefeltet ligg innanfor verneområdegrensa. I tillegg til desse er det fleire små førekommstar av planta gran og granplantar som har frøa seg sjølv.

### **Vegar**


Det er få vegar innanfor grensa til landskapsvernområdet. Det er veg på nordsida og sørsida av osen frå Traudalsvatnet. Desse vegane er køyrbare og stengde med bom. Dei vert nytta av grunneigarane i samband med landbruksdrifta. I tillegg er det traktorveg opp til Brekkestølen i Førde kommune og ein traktorveg i fjellsida mellom Langedalsvatnet og Arnestadnakken, som begge går inn i landskapsvernområdet.

### **Motorferdsle**

Motorferdsle i samband med landbruk, sjå eige kapittel om motorferdsle kap. .4.5

### **Bygningar**

Bygningar i samband med landbruk, sjå eige kapittel om bygningar kap. 4.6.



#### Beite og skogbruk

	sau		Landskapsvernområde
	sau,storfe		Sti
	sau,storfe,geit		Sti merka
	Drivverdig skog		Traktorveg

**Figur 5.** Skogbruksområda i nord er drivverdig bjørkeskog, ved Vona og i Nedrebødalen er det granplantefelt (kjelde: faktagrunnlag for verneplanen, 1999). Som det går fram av kartet, er det organisert beitebruk i det meste av landskapsvernområdet (kjelde: Skog og Landskap).

#### **4.1.2 Kva seier forskrifta?**

Merk at fleire av desse reglane ikkje berre gjeld for landbruk, men og for andre brukarinteresser som til dømes friluftsliv.

#### **§ 3. Verneregler**

- 1.2. *Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:*
  - a) *Vedlikehald av bygningar og andre tekniske innretningar. Vedlikehald skal ikkje føre til endra utsjänad.*  
[...]
  - c) *Anlegg for sinking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar og liknande til beitedyr.*
  - d) *Vedlikehald av godkjende vegar og oppsetting av boltar for enkle båtfeste.*  
[...]
  - f) *Rydding av beitemark som har grodd til, beiting, lauving og slått.*
- 1.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*
  - a) *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.*
  - b) *Oppattbygging av gamle stølshus som har ramla ned eller bygningar som er skada ved brann eller naturskade.*
  - c) *Oppføring av nye bygningar som er naudsante i samband med landbruksdrift som ikkje er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*  
[...]
  - g) *Bygging av bruer og klopper som er naudsante i samband med beitebruk og friluftsliv.*
  - i) *Tilrettelegging for tømmertransport på vintervegar eller på barmark i samhøve med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.*
  - j) *Bygging av ein enkel traktorveg frå Osen og innover mot Berdalselva i Traudalen.*  
[...]
  - n) *Bygging av ein enkel traktorveg til Nesstølen i Naustdal. Eit eventuelt løyve skal innehalde vilkår som gjev spesifikasjon for ei best mogleg tilpassing til landskapet.*
2. *Plantelivet*
  - 2.1. *Det er ikkje tillate å føre inn nye planter eller drive skogreising og treslagskifte i verneområdet.*
  - 2.2. *Det er tillate å bruke verneområdet til tradisjonelt beite. Rydding av beitemark som har grodd til, lauving og slått er tillate.*
  - 2.3. *Hogst av ved er tillate til bruk i hytter og stølshus i landskapsvernombordet.*
  - 2.4. *I verneområdet kan det også skje anna hogst enn nemnt i punkt 2.3 dersom det er i samhøve med plan som er godkjent av forvaltingsstyresmakta. Planen skal ikkje stride mot følgjande prinsipp:*
    - a) *ta vare på det naturlege skogbiletet ved å nytte lukka hogstformer,*
    - b) *ikkje hogge edellauvskog eller fuktiskog som pregar landskapet,*
    - c) *etablering av ny skog skal skje ved naturleg foryning.*

#### **4.1.3 Retningsliner for brukarar og forvaltinga**

Innanfor vernegrensene skal det kunne drivast tradisjonell landbruksdrift så lenge dette skjer innanfor ramma som verneforskrifta set.

##### **Beitebruk**

###### Tillate utan søknad:

- Verneområdet kan nyttast til tradisjonelt beite. Det er og tillate med lauving, slått og rydding av beitemark som har grodd til. Med rydding meinast her fjerning av trevegetasjon med bevaring av plantedekket elles. Det kan nyttast motorsag, motorryddesag og motorslåmaskin til rydding, lauving og slått.
- Vedlikehald av tekniske innretningar, gjerde, stiar og bruer. Med «vedlikehald» meinast det arbeid og utbetring som ikkje endrar storleik, omfang eller utsjånad nemneverdig.
- Etablering av naudsynte anlegg og gjerder for å halde og sanke beitedyr i verneområdet. Med «naudsynte» meinast her at ein kan sette opp og bruke dei innretningar som trengs for å handtere dei beitedyr ein har i området, men ikkje større og meir omfattande enn det som trengs i høve til dyretalet.  
Midlertidige/reversible anlegg vil vere å føretrekke.  
Per i dag er det sankekvie ved Fitjestøylen og ei ved Arnestadstøylen. Eventuelle framtidige anlegg bør leggast i tilknyting til stølar, eksisterande anlegg eller vegar. Dei bør og plasserast slik at dei ikkje påverkar landskap eller naturverdiar negativt.  
Midlertidige anlegg bør vurderast.
- Sette opp feste for saltsteinar

###### Tillate etter søknad:

- Bygging av bruer og kloppar som er naudsynte i samband med beitebruk. For definisjon av «naudsynt», sjå ovanfor. Utforming, materialbruk og plassering av bruer skal vere slik at dei ikkje vert meir synlege og framtredande i landskapet enn naudsynt. I tillegg bør dei byggast slik at dei er haldbare over tid og tåler vind, ver og stor vassføring. Motorisert transport av saltsteinar og anna materiale i samband med beitebruk, sjå kap 4.5.

Istandsetjing eller utbetring av gamle driftevegar for beitedyr kan vere aktuelt enkelte stader for å sikre at beiting held fram og kulturlandskapet vert halde ved like. Det skal då skje etter ein tiltaksplan som er godkjent av forvalningsstyresmakta.

##### **Kulturlandskap**

###### Tillate utan søknad:

- Skjøtsel av stølsvollar og stølsområde gjennom rydding av gjengrodd beitemark og slåttemark.
- Slått av stølsvollar og slåttemark. Dette bør skje som ein del av ein skjøtselsplan.

###### Tillate etter søknad:

- Andre skjøtselstiltak (gjerding, inngrep på stølsvoll, reperasjon av murar m.m.) kan godkjennast som ein del av ein godkjent skjøtselsplan.

## Hogst

### Tillate utan søknad:

- Hogst av ved til bruk i verneområdet, både i hytter, i stølshus og til bål er tillate. Det er då snakk om hogst i mindre skala for å dekke behovet for brensel på eigne hytter og stølar inne i verneområdet. Hogst kan skje ved hjelp av handreidskap, motorsag eller liknande. Motorferdsel i samband med slik hogst må ein søkje om løyve til, jamfør reglane om motorferdsel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.

### Tillate etter hogstplan:

- Annan hogst i verneområdet kan skje dersom det er i samhøve med ein hogstplan som er godkjent av forvaltningsstyresmakta. Planen kan ikkje vere i strid med prinsippa i verneforskrifta § 3 pkt 2.4, og planen må vere i tråd med skogbruket sine gjeldande miljøstandardar.

#### Hogstplanen skal innehalde:

- Kart over det området som skal hoggast
- Hogstform. Plukkhogst bør nyttast, men ein kan og bruke lukka hogstformer med hogstflater opp til 5 daa dersom det vert sett att jamt spreidde tre på flata. Det er i utgangspunktet ikkje høve til å nytte terregngåande hogstmaskin (men det kan vurderast i dei tilfella der det står plantefelt med gran inne i landskapsvernombordet).
- Tilstand på skogen som skal takast ut
- Kartfesting av eventuelle biologisk viktige område eller element som ikkje skal hoggast
- Plan for uttransport av trevyrket
- Plan for avfallshandtering

Etablering av ny skog etter hogst skal skje ved naturleg forynging. Det vil ikkje verte gjeve løyve til å plante gran eller framande treslag i landskapsvernombordet.

## Traktorveg

### Tillate etter søknad:

- Verneforskrifta opnar for at det kan gjevast løyve til opparbeiding av ein enkel traktorveg til Nesstølen i Naustdal kommune, og frå Osen og til Berdalselva i Traudalen i Gloppe kommune. Når det i forskrifta står «enkel traktorveg», vil det seie ein traktorveg i vegklasse 8. Ved søknad om bygging av desse traktorvegane må det utarbeidast ein plan for bygging og bruk av vegen. Søknaden må vurderast opp mot nytteverdi og landskapstilpassing.

#### **4.1.4 Vurdering av miljørettprinsippa i naturmangfoldlova (nml)**

Inngrep i landskapsvernombordet er i utgangspunktet forbode. I verneforskrifta står det at dette forbodet ikkje er til hinder for «c) Anlegg for sinking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5[...].». I samsvar med naturmangfoldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggast til grunn ved utøving av offentlig mynde; og med det utarbeiding av konkrete retningslinjer for sakshandsaming etter verneforskrifta.

Dei fleste retningslinjene i dette kapittelet er for å sikre at beitebruk og anna tradisjonell drift som har vore med å skapt kulturlandskapet og halde stølsmiljøa i hevd, kan halde fram.

Naturmangfoldlova § 8 set visse krav til kunnskapsgrunnlaget bak alle vedtak, deriblant vedtekne planer. Kunnskapsgrunnlaget her bygger på lang erfaring med denne bruken av området, og på den kunnskapen som er henta inn i samband med verneprosessen.

Det er opna for å gje løyve til bygging av to konkrete, enkle traktorvegar i landskapsvernombordet, ein til Nesstølen i Naustdal og ein til Berdalselva i Gloppe. I følgje kongeleg resolusjon for oppretting av landskapsvernombordet vart ulike omsyn vurdert, før Miljøverndepartementet opna for at vegen til Nesstølen kan byggast. Vegtraseen til Nesstølen kan komme i kontakt med eit par lokalt viktige naturområder som er registrert i Naturbase; eit beiteområde for villrein og deltaområdet Tangane ved Vonavatnet. I Traudalen er det ikkje registreringar i Naturbase som kan komme i konflikt med vegen der.

Det er ynskjeleg å halde beitebruken på eit nivå som sikrar at ein held kulturlandskapet og beitekulturen i hevd, men ikkje so høgt nivå at ein får overbeiting og erosjonsskader. Det er det man rettar seg etter når man skal definere kva tiltak som er «naudsante» for beitebruken, og dette omsynet skal sikre at samla belastning ikkje vert for stor (jamfør nml § 10). Ved eventuell bygging av enkle skogsvegar til Nesstølen og Berdalselva må det vere under føresetnad av at føremålet med vegane er næringsdrift som beitebruk og skogsdrift, slik at vegane ikkje fører til at samla belastning av motorferdsel aukar utover det som er akzeptabelt.

Det skal leggjast vekt på å finne skånsam og diskret lokalisering når det eventuelt vert laga nye installasjoner eller innretningar som gjerder, bruer m.m. (jamfør nml § 12) etter desse retningslinene. Det må gjerast ei sjølvstendig vurdering i kvar enkelt tilfelle basert på lokale tilhøve og kva som er praktisk mogeleg å gjennomføre. Eventuell veg til Nesstølen bør må plasserast slik at traseen ikkje kjem i konflikt med deltaområdet Tangane og naturverdiane der so langt det er praktisk mogeleg. Traseen for den eventuelle vegen til Berdalselva er lagt oppe i lia eit stykke frå vatnet. I begge tilfella skal landskapstilpassing vektleggast.

#### **4.1.5 Tiltak**

- Utarbeide ein mal for hogstplanar

Sjå og oppdatert tiltaksplan på nettsida til landskapsvernombordet.

## 4.2 Utmarksnæring, jakt og fiske

### 4.2.1 Status og utfordringar

I tillegg til utmarksbeite og skog er jakt og fiske den største utmarksressursen knytt til landskapsvernområdet. Verneforskrifta legg ikkje restriksjonar på tradisjonell utøving av jakt og fiske som er i samsvar med viltlova og lakse- og innlandsfiskelova.

#### Hjort

Naustdal-Gjengedal ligg midt i kjerneområdet for hjort, og er godt kjend for å ha ein stabile hjortestamme av god kvalitet. Hjorten nyttar store delar av området, og det går mange trekkuter gjennom området. I dei høgareliggende delane av området vert det ikkje felt mange dyr, da dyra trekkjer ut av desse områda før jakta startar. Det vert jakta hjort innanfor og inntil store delar av verneområdet, både av grunneigarane sjølve, og som jaktutleige.

#### Villrein

Store delar av Førdefjella villreinområde ligg innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Villreinen nyttar heile fjellområdet. Dei sentrale fjellområda kan reknast som eit kjerneområde (fig. 3). Det er gjort ei eiga utgreiing på tema villrein (Bøthun in prep.). Utgreiinga er i hovudsak ei kartlegging av leveområde og viktige trekkuter.

Villreinstamma vert forvalta av Førdefjella villreinutval, med Sogn og Fjordane villreinnemnd som overordna organ som m.a. gjer vedtak om årlege fellingskvoter etter søknad. Villreinutvalet har ein eigen bestandsplan for heile villreinområdet. Området er organisert som eitt felles vald. Målet i bestandsplanen er 100 vinterdyr. Tidlegare anslag tilseier at dette tilsvrar bæreevna i området, der vinterbeite er minimumsfaktoren. På 80-talet var stamma desimert til eit minimum (truleg grunna rovdyrproblem), og det vart ikkje utøvd jakt. Stamma har sidan teke seg opp igjen, og den ligg no (2014) omtrent på bestandsmålet på 100 vinterdyr. I jakta 2014 vart det felt 18 dyr av stammen.

Vinteren og kalvingstida om våren er dei vanskelegaste periodane for villreinstamma.

Kalvingsområda som har vore i bruk siste åra ligg i lisida sør, søraust og nordaust for Storevatnet, og på nordsida av Langelvdalen. Andre kalvingsområder som har vore brukt av stamma ligg i Blomsterlidalen nordvest for Vonastølen, og lisidene sør for Nesstølen og Nesrimma. Det er registrert relativt lite konflikt mellom menneskeleg ferdslle og villrein i området.

#### Småvilt

Lirype og fjellrype er dei viktigaste småviltressursane innanfor landskapsvernområdet. I tillegg er hare og skogsfugl ein småviltressurs i området. Det vert rapportert om små og mindre bestandar enn det var før.

Småviltjakta går føre seg i mindre omfang over store delar av arealet. Det er fleire grunneigarar som leiger ut småviltjakta.

## Fiske

I landskapsvernombordet er det mange vatn. Generelt kan ein seie at det er fisk i dei fleste vatn i området, men tilstanden til vatna varierer og mange av vatna har for tett bestand. Det er både røye og aure i området, men ikkje begge fiskeslag i alle vatn. Sjå vedlegg for oversyn over fiskevatn og bestand.

Gjennomførte kultiveringstiltak i landskapsvernombordet varierer frå kommune til kommune:

- I Førde kommune har det vore gjennomført kalking, andre kultiveringstiltak ukjent.
- I Gloppen kommune vert det gjennomført kultiveringstiltak i følgjande vatn: Langedalsvatnet, Breidalsvatnet, Ångsdalsvatnet, Veslevatnet, Blådalen, Vetledalen, Sørsendalen, Nesdalen, Traudalsvatnet, Instevatnet, Bærdalsvatnet, Styggevatn. Det er utfisking som er det vanlegaste tiltaket.
- I Jølster kommune vert det ikkje gjennomført kultiveringstiltak.
- I Naustdal kommune vert det ikkje gjennomført kultiveringstiltak, men det vart gjennomført prøvefiske i Vonavatnet hausten 2013.

### 4.2.2 Kva seier forskrifa?

Verneforskrifta har reglar knytt til jakt og fiske særleg i § 3 pkt. 1 og 3 (sjå under). Dessutan legg reglane i pkt. 4 om ferdsel, pkt. 5 om motorferdsel og pkt. 6 om forureining føringar for utøvinga av jakt og fiske i verneområdet.

#### § 3 Verneregular

[...]

##### 1.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*

[...]

h) *Merking og opparbeiding av turstiar og merking av jaktpostar.*

[...]

m) *Kalking av sure vassdrag for å motverke verknad av sur nedbør under føresetnad av at kalkinga er godkjent av fylkesmannen.*

[...]

##### 3. *Dyrelivet*

3.1. *Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar i verneområdet.*

3.2. *Jakt og fangst er tillate etter viltlova.*

3.3. *Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova*

For reglar om motorferdsel i samband med jakt og fiske, sjå kap 4.5.

#### 4.2.3 Retningsliner for brukarar og forvaltinga

##### Jakt og Fiske

###### Tillate utan søknad:

- Jakt og fangst etter viltlova
- Fiske etter lakse- og innlandsfisklova

###### Tillate etter søknad:

- Merking av jaktpostar. Postane skal merkast med merkeband eller anna type merking som kan fjernast.
- Kalking av sure vassdrag, so lenge kalkinga er godkjent av Fylkesmannen.

Verneområdeforvaltinga har ikkje nokon rolle i, eller påverknad på, forvaltninga av villreinen. Men omsynet til villreinen skal vurderast i saker som gjeld villreinen sine leveområde og det kan til dømes leggast vilkår til vedtak for å unngå eller redusere negativ påverknad på villreinen.

Det er ikkje lov, og vil heller ikkje vert gjeve løyve til, å setje ut fisk i naturleg fisketomme vatn, jf verneforskrifta § 3 pkt. 3.1 og naturmangfaldlova § 30. Utsetjing av fisk i vatn der det tidlegare har vore fiskestamme kan berre skje etter løyve frå forvaltingsstyresmakta for innlandsfisk, som er fylkeskommunen.

Verneforskrifta er i utgangspunktet ikkje til hinder for prøefiske og kultiveringstiltak so lenge desse er i tråd med naturmangfaldlova, lakse- og innlandsfiskelova og ikkje strider med andre reglar i verneforskrifta.

Det er grunneigarane som har rettar til jakt- og fiskeressursane i og rundt området. Kartlegging og kultivering av desse ressursane må derfor skje i grunneigarane sin regi. Det kan likevel vere aktuelt for verneområdeforvaltinga å vere med som ein samarbeidspart.

##### Utmarksnæring

###### Tillate utan søknad:

Utmarksnæring ut over det som er nemnt her, er tillate so lenge det ikkje er i strid med verneforskrifta eller anna lovverk.

#### 4.2.4 Tiltak

- Det vil vere positivt å få utarbeida driftsplanar for aktuelle fiskevatn. Dette må i so fall skje etter initiativ frå grunneigarane som har rettar i det eller dei aktuelle vatn, men det vil vere naturleg at verneområdeforvaltinga, saman med fiskeforvaltinga, bidreg i eit slikt arbeid.
- Sjå elles oppdatert tiltaksplan på nettsidene til landskapsvernombordet.

## 4.3 Friluftsliv

### 4.3.1 Status og utfordringar

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er karakterisert som eit regionalt og nasjonalt område for utøving av friluftsliv (fylkesdelplan for friluftsliv 1995). Det vil seie eit område for utøving av friluftsliv som er viktig for store brukargrupper, og der det derfor ikkje er ønskjeleg med aktivitetar som reduserer høvet til å utøve tradisjonelt friluftsliv. Heile verneområdet er mykje brukt til friluftsliv i form av turausgang sommar og vinter.

#### Innfallssportar

Det er mange måtar å kome seg inn i dette fjellområdet på. Stølsdalane er naturlege innfallssportar til området. Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal peikar ut sju innfallssportar som viktige:

1. Nes - Vonavatn i Naustdal
2. Gjengedal - Storevatn i Gloppen
3. Langedalen i Gloppen
4. Rygg - Traudalen i Gloppen
5. Fitjedalen i Gloppen
6. Årdal - Legestøylene i Jølster
7. Ålhus - Gotdalen i Jølster

Andre viktige innfallssportar til området:

- Angedalen i Førde
- Kandal og Myklandsdalen i Gloppen
- Ryssdal i Gloppen
- Jardalen i Gloppen
- Førde (Førs) i Jølster

Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal peikar ut område som er aktuelle for familieturar. Område som er mest aktuelle for kortare fjellturar er:

1. Terrenget kring Vonavatnet og Stølsvatnet i Naustdal.
2. Området kring Dalevatnet og Storevatnet i Gjengedalen.
3. Langedalen med Fitjestølen.
4. Legestølen til Stegsvatnet og Kupevatnet.
5. Angedalen i Førde, Indrebø og Botnen er viktige utgangspunkt for turar,
6. Helgheimsdalen i Jølster

I innfallssportane (utanfor grensene for landskapsvernombordet) kan det vere behov for tilrettelegging i samband med parkering og informasjon om landskapsvernombordet. Ei annan utfordring er å hindre at beitedyr voldar skade på bilar som er parkerte ved innfallssportane. Det er mange innfallssportar, og det kan verte ei utfordring å prioritere midlar til tiltak mellom dei. Kor dei ulike innfallssportane ligg kan ein sjå i figur 6.

### **Friluftslivsaktivitetar om sumaren**

Landskapsvernombordet vert nytta til både korte og lengre turar. Området er attraktivt både for utøving av friluftsliv som tura, jakt, fiske og sanking, og til mosjon og trening. Det er mest dagsturar, sjølv om dei mange stølane og Indre Sunnfjord turlag si hytte ved Inste Langevatn gir gode høve til overnattingsturar. Området eignar seg og veldig fint til telting.

Det er mange stiar i landskapsvernombordet, med eit system av merka og umerka stiar. Dei aller fleste stiane inn gjennom dalane, langs vatna og opp i høgfjellsområda. Mange av dei er gamle ferdslivegar som knytte bygdene saman. Dei vart nytta til transport av varer, dyr og ikkje minst tømmer. Mange av stiane har ei lang brukshistorie, utan at dette er dokumentert.

Det kan vere behov for vedlikehald og rydding av stiar, tilrettelegging gjennom etablering av nye bruer og klopper, sikring på farlege strekningar, utbetring av myrlendte og våte parti og vanskelege strekningar.

Til Breidalen, langs Traudalsvatnet til Dalsbøen, Langedalsvatnet til Arnestadstøylen og på ei strekning på nordsida av Storevatnet er det frå grunneigarane si side ønskje om å utbetre stiane for å få betre tilkomst for folk og fe. Dette er stiar som både er hyppig brukt som turstiar for friluftsfolk, og som buføringsvegar for dei som har beitedyr i området. Dei aktuelle strekningane går gjennom steinur/blokkmark, og det kan vere både vanskeleg og ubehageleg å ta seg fram enkelte stader.

Vatna har alltid vore ei viktig ferdselsåre. Båten var spesielt viktig på Traudalsvatnet, Langedalsvatnet og Storevatnet som har stølar og utmarksslått langs vatna. Ved dei største vatna og ved stølane er framleis båt ein viktig og mykje brukt måte å komme seg fram på.

Merka ruter i DNT-regi (T-merka):

- Nes – Longevasshytta
- Ålhus – Longevasshytta
- Årdal – Longevasshytta
- Langedalen – Blådalen – Longevasshytta
- Gjengedalsstøylen – Blådalen – (Longevasshytta)

Andre mykje brukte stiar og ruter, både merka og umerka:


- Vona – Aastøylen
- Aastøylen – Aastøylsfjellet
- Reinene - Sandfjellet
- Botnen – Longevasshytta
- Helgheimsdalen – Skjorta
- Førde (I Jølster) – Skjorta
- Myklandsstøylen – Longevasshytta
- Ryssdal – Nesstølen i Kandal
- Traudalen – Gjengedalsstøylen
- Ryggjastøylen – Traudalsnibba
- Holme – Holsstøylen – Holsvarden (Holsegga)
- Ommedalsstøylen – Gjengedalsstøylen
- Dalen – Risbotnen - Aastøylen

### **Friluftslivsaktivitetar om vinteren**

Vinterstid vert området nytta til turgåing på ski. På same måte som om sommaren er det høve til både korte dagsturar og lengre turar med overnatting i området. Ved nokre av innfallsportane vert det køyrt opp skiløyper med snøscooter. Tidlegare har desse løypene gått både utanfor og innanfor grensa for verneområdet. Utover det er det ikkje tradisjon for vintermerking (kvisting eller køyring av skiløyper) i verneområdet. Det er ikkje opna for oppkøyring av skiløyper i landskapsvernombordet, med unntak av løypa frå Vonavatnet til Fosselvekråa som har fått løyve på visse vilkår etter handsaming i Klima- og miljødepartementet.

### **Rørslehemma**

Rørslehemma har behov for og rett til å kome seg ut i natur. Omsynet til naturen gjer likevel at dette ikkje kan skje alle stader. I landskapsvernombordet er det få vegar, men rørslehemma kan koma seg til dei store vatna, Vonavatnet, Storevatnet, Traudalsvatnet og Langedalsvatnet. Det er ikkje tilrettelagt for rørslehemma korkje for å koma seg ut i båt eller koma seg i land langs vatna.



#### Friluftsliv

- Hovudinnfallsport til område
- Landskapsvernområde
- ..... Sti
- .... Sti merka
- Traktorveg

**Figur 6.** Innfallsportane til landskapsvernområdet går fram av kartet og er merka med nummer; 1. Nes-Vonavatn, 2. Gjengedal, 3. Traudalen, 4. Langedalen, 5. Fitjedalen, 6. Jardalen, 7. Ryssdal, 8. Kandal – Myklandsdalen, 9. Førde , 10. Årdal, 11. Ålhus, 12. Angedalen . Dette er område som bør tilretteleggast med parkering og informasjon. Dei viktigaste merkte og umerkte stiane går fram av kartet.

#### **4.3.2 Kva seier forskrifta?**

Etter føremålsparagrafen i verneforskrifta skal landskapsvernombordet kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Reglar som gjeld friluftsliv i verneforskrifta:

#### **§ 3. Verneregler**

##### **1.Landskapet**

*Området er verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følger av punkt 1.2 og 1.3 i forskriftena er det forbod mot inngrep som til dømes vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg eller andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, påfylling av masse, boring, sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering, anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i luft og i jord, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt og merking av stiar og turløyper. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande*

[...]

- 1.2. *Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:*

[...]

- b) *Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5.*

[...]

- 1.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*

[...]

- g) *Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.*

- h) *Merking og opparbeiding av turstiar og merking av jaktpostar.*

[...]

##### **4. Ferdsel**

- 4.1. *All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.*

- 4.2. *Reglane i denne forskriftena er ikkje til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Annan organisert ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta. Ut over dette viser ein til forvaltningsplanen etter § 5.*

- 4.3. *Organisert bruk av hest er berre tillate på vegar og trasear som er fastlagde gjennom ein forvaltningsplan etter § 5 eller på anna vis godkjent av forvaltingsstyresmakta.*

- 4.4. *Store idrettsarrangement, større teltleirar og liknande, kan ikkje skje utan løyve frå forvaltingsstyresmakta.*

- 4.5. *Innanfor landskapsvernombordet kan Direktoratet for naturforvalting ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.*

[...]

##### **6. Forureining**

- 6.1. *Forureining og forsøpling samt bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.*

- 6.2. *Unødig støy er forbode.*

#### 4.3.3 Retningslinjer for brukarar og forvaltinga

##### Praktisk friluftsliv

###### Tillate utan søknad:

- Tradisjonelt friluftsliv i tråd med allemannsretten.
- Telting innanfor reglane i friluftslova.
- Organisert ferdsel til fots og på ski, medrekna turar i regi av turlag, skular, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.  
Definisjon organisert ferdsel:  
*Ferdsle der ein person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er snakk om ei verksemd med grupper av deltagarar, ein aktivitet som vert gjenteke eller der aktiviteten er kunngjord på førehand.*
- Organisert bruk av hest på godkjende trasear på begge sider av Traudalsvatnet og på stien frå Ryggjastøylen og opp mot Berdalesegga.

###### Tillate etter søknad:

- Organisert bruk av hest.  
Organisert bruk av hest på andre trasear enn dei som er nemnt over her, må søkast om, jamfør verneforskrifta § 3 pkt 4.3.
- Store idrettsarrangement, større teltleirar og liknande.  
Det vil vere ei vurderingssak kva som er rekna som «store». Som ein peikepinn kan vi seie at eit annonsert idrettsarrangement med påmelding og premierung som fysisk går føre seg inne i landskapsvernombrådet, er søknadspliktig. Organisert teltleir med meir enn 30 overnattingsdøger (tal personar gonger tal på overnattingar på same staden) må og søkast om.
- Organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet.  
Dersom det er forventa at ferdsla kan føre til nemneverdig skade på vegetasjon eller forstyrre sårbart dyreliv, eller om det er stor risiko for at slik skade kan oppstå, so må den aktuelle ferdsla søkjast om.

Omgrepet "tradisjonelt friluftsliv" i verneforskrifta omfattar aktivitetar som inneber forsiktig bruk av naturen, og aktivitetar som treng liten grad av tilrettelegging og tekniske inngrep. Utøvinga av friluftslivet skal skje på ein sånn måte at det ikkje skadar naturmiljøet. Naturopplevinga står sentralt, og er hovudsakleg knytt til turar på ski og til fots, bær- og soppturar, fisketurar og andre friluftsaktivitetar utan behov for særskild tilrettelegging.

Miljødirektoratet kan etter verneforskrifta § 3 del 4.5 regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet, men det vil vere ein høg terskel for å regulere ferdsel til fots i landskapsvernombrådet. Før slike tiltak kan verte aktuelt vil ein setje i verk tiltak som vert oppfatta positivt som informasjon/skilting og tilrettelegging/merking.

## Turstiar

### Tillate utan søknad:

- Vedlikehald av eksisterande stiar, bruer, skilt og løyper.  
Dette gjeld hovudsakleg stiar, bruer, skilt og løyper som eksisterer og er i bruk på vernetidspunktet. Med vedlikehald meinast arbeid på eksisterande anlegg og innretningar som ikkje endrar storleik, utstrekning og utsjånad vesentleg.  
Vedlikehaldsarbeid skal i primært skje med handemakt.

### Tillate etter søknad:

- Bygge nye bruer og legge kloppar langs stiane, når dette er naudsynt for friluftsliv og beitebruk. Det skal brukast tradisjonelle materialar der det lar seg gjere, og det skal leggast vekt på landskapstilpassa løysingar.
- Merking av nye turstiar.
- Opparbeiding av turstiar.  
Det er her snakk om nye stiar, og om opparbeiding og utbetring som ikkje kan definerast som «vedlikehald». Det må då søkjast om. Mest aktuelle er stiane som er T-merka av turlaga, stølsstiane og stiar som er mykje i bruk i samband med beitebruk.

Før eventuelt løyve til opparbeiding av ein sti vert gjeve, skal det gjerast ei kulturminnefagleg vurdering av den eksisterande stien og utbetringane det er søkt om. Planering og grusing av stiar og vegar til friluftsføremål i landskapsvernområdet er det ikkje opning for. Tilrettelegging for rullestol må søkast om og vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle, med vekt på landskapstilpassing og kor store terrennggrep det fører med seg.

Etablering av nye stiar må ha løyve etter verneforskriftene (§ 3 pkt 1.3), og leggjast der dei vil vere til minst skade for vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Det bør ikkje etablerast turstiar som ikkje har god tryggleik. I samband med merking og opparbeiding av stiar kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til å gjennomføre sikringstiltak på utsette strekningar. Merking og tilrettelegging av stiar og løyper skal vere avklara med grunneigar før søknaden blir handsama.

Legging av trekloppar er eit aktuelt tiltak der stiane går over myrer eller andre fuktige parti. Trekloppar vil kunne kanalisere ferdsla og skåne vegetasjon og terreng. Samstundes er det reversible inngrep i og med at trekloppane kan fjernast. Trekloppar som tiltak er mest aktuelt i innfallsportar og i dei delane av verneområdet som allereie er kulturprega (bygningar, merka stiar, bruer og andre innretningar). Ein må vere førebudd på at vernestatus og informasjonsarbeid vil kunne auke bruken av landskapsvernområdet til friluftsliv.

Til merking av løyper og stiar bør ein bruke varding eller fargemerking på stein, i tråd den nasjonale standarden for skilting og gradering av turløyper, som er utarbeida av Innovativ fjellturisme. Merkehandboka (2009) utgjeve av DNT, Forbundet KYSTEN og Friluftsrådenes Landsforbund er eit godt hjelpemiddel og. Skilting i verneområdet bør haldast på eit minimum, og berre brukast ved dei viktigaste kryssingspunktene for stiar.

## **Informasjon**

Det er eit mål for forvaltinga å leggje til rette for god informasjon og tilrettelegging til brukarane av området både ut frå verneformål og for å gi naturopplevingar til dei som ferdast i landskapsvernombordet. Der det er mogleg, bør informasjonstiltak som krev fysiske inngrep (t.d. informasjonstavler) gå føre seg utanfor grensene til verneområdet, ved dei mest brukte innfallsportane. Tilrettelegging av parkeringsplassar og innfallsportalar må vere tufta på grunneigaravtaler. Dei parkeringsplassane som finst i dag, er i stor grad laga på initiativ frå grunneigarar og blir vedlikehaldne av dei. Vedlikehald av skilt og liknande er tillate utan søknad.

### **4.3.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml)**

Inngrep i landskapsvernombordet er i utgangspunktet forbode. I verneforskrifta § 3 pkt 1.2.h) står det likevel at forvaltningsstyremakta kan gje løyve til opparbeiding og merking av stiar. I samsvar med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggast til grunn ved utøving av offentlig mynde; og med det utarbeiding av konkrete retningsliner for sakshandsaming etter verneforskrifta.

Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8) kring bruk av stiane og behov for tiltak på stiane baserer seg først og fremst på erfaring gjennom bruk av stiane og synfaringar. Synfaringar og god planlegging av tiltak vil vere viktig og naudsynt i kvar enkelt sak.

Mest skånsame lokalisering (jf. § 12) av stiar vil som regel vere å legge traseen der kor det allereie går sti, også halde på eksisterande trase. Men det kan gjerast unntak i tilfelle kor stiar må flyttast grunna til dømes endringar i terrenget (ras, elvar eller liknande), grunna omsyn til tryggleiken eller dersom den gamle stien av kulturhistoriske omsyn ikkje bør gjerast fysiske tiltak på.

### **4.3.5 Tiltak**

- Utarbeide eit turkart for Naustdal - Gjengedal landskapsvernombord som er kvalitetssikra med omsyn til turstiar, parkeringsmoglegheiter mm. (samarbeidsprosjekt med kommunane)
- Få ei oversikt over friluftslivet i området både sommar og vinter. Dette kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak slik at dei vert gjennomført først i område med mest bruk. Dette kan og mellom anna brukast som grunnlag for å vurdere kor det skal prioriterast å tillate kjentmannskøyring, jf. kap. 3.5. Ei slik kartlegging kan ein mellom anna bygge på hyttebok på Longevasshytta og eventuelt på bruk av ferdselsteljar.
- Sjå elles oppdatert tiltaksplan på nettsidene til landskapsvernombordet.

## 4.4 Reiseliv

### 4.4.1 Status og utfordringar

Det er ikkje nokon utstrakt reiselivsverksemnd knytt til landskapsvernombrådet, og dei få aktørane som nyttar området i næring har ein bruk som ligg tett opp til det enkle friluftslivet som er omtala under punkt 4.3.3.

Hyen Natur og Friluft etablerte i 2004 ein villmarksleir på Byrkjeneset. Her er det om lag 0,6 dekar inngjerda område med matlass (gapahuk), bållass og utedo. Lavvoar og telt vert satt opp ved behov, og står ikkje fast oppe. Leiren er open for alle gjennom leige, og HNF kan og tilby guiding i naturen og om kulturminna på Byrkjeneset.

Nokre overnatningsverksemder rundt verneområdet marknadsfører seg med moglegheiter for turar og fiske i verneområdet. Desse driv vel å merke ikkje aktiv guideverksemnd eller anna næring inne i landskapsvernombrådet.

Fjellteksten i revidert statsbudsjett 2003, gjev politiske retningslinjer for bruk av m.a. verneområde i reiselivssamanheng, utan at natur- og kulturhistoriske verdiar skal gå tapt (St.prp. nr. 65). Dette er ført vidare i Soria Moria I og II.

Det er satt i gang eit verdiskapingsprosjekt i samband med landskapsvernombrådet som mellom anna skal sjå på muligheten for å utvikle reiselivsnæring knytt til landskapsvernombrådet.

#### Guideverksemnd

Det er lite guideverksemnd i området i dag.

#### Marknadsføring

Området blir marknadsført av overordna reiselivsselskap og reiselivsguidar som FjordKysten og Fjord Norway. Området vert ikkje omtala som ei eining med eit samla omgrep og det vert ikkje gjeve opplysningar om at Naustdal-Gjengedal er eit landskapsvernombråde med eige forskrift heimla i naturvernlova .

Eit anna døme på marknadsføring og informasjon om landskapsvernombrådet er turkart som er gjeve ut for delar av området (Gloppe kommune og Jølster kommune), med avmerkte stiar og omtale av verneområda. Det er usikkert om dei avmerka stiane er kvalitetssikra.

### 4.4.2 Kva seier forskrifta?

Verneforskrifta har ikkje reglar som går spesifikt på reiseliv, men der er reglar i mellom anna § 3 pkt 4 om ferdsel, som er relevante for reiselivet i området. Etter vernereglane skal ferdsel ikkje skade naturmiljø og kulturminne. All ferdsel skal skje med varsemd. Organisert ferdsel som kan tenkast å skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve frå forvalningsstyresmakta.

### § 3 Verneregler

[...]

#### 4. Ferdsel

- 4.1. *All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikke skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.*
- 4.2. *Reglane i denne forskrifta er ikke til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikke blir skadelidande. Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta. Ut over dette viser ein til forvaltningsplanen etter § 5.*
- 4.3. *Organisert bruk av hest er berre tillate på vegar og trasear som er fastlagde gjennom ein forvaltningsplan etter § 5 eller på anna vis godkjent av forvaltingsstyresmakta.*
- 4.4. *Store idrettsarrangement, større teltleirar og liknande, kan ikke skje utan løyve fra forvaltingsstyresmakta.*
- 4.5. *Innanfor landskapsvernombordet kan Direktoratet for naturforvalting ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.*

At reiselivsverksem må skje innanfor rammene av verneforskrifta, inneber at inngrep og motorferdsel må haldast på lågast mogleg nivå. Reiselivsverksem som baserer seg på ferdsel med eller utan motor inne i verneområdet må vere i tråd med dei respektive reglane i verneforskrifta. Det er først og fremst eit naturvenleg reiseliv som har ein plass innanfor landskapsvernombordet. Tyngre tilrettelegging skal leggjast utanfor verneområde.

#### 4.4.3 Retningslinjer for brukarar og forvaltinga

Retningslinjene knytt til friluftsliv vil og i stor grad gjelde for reiseliv.

##### Tillate utan søknad:

- Ferdsel i og i tilknyting til landskapsvernombordet er tillate, so lenge det ikke fører til skade på naturmiljøet eller går ut over verneverdiar og verneføremål.
- Oppsetting av lavvo og telt so lenge det er i tråd med reglane i friluftslova og ikke er av eit slikt omfang at det vert definert som «stor teltleir» (sjå retningslinjer under tema «Friluftsliv» i kap. 4.3.3.)

##### Tillate etter søknad:

- Store idrettsarrangement, teltleirar og liknande.  
(sjå retningslinjer under tema «Friluftsliv» i kap. 4.3.3.)
- Organisert bruk av hest.  
(sjå retningslinjer under tema «Friluftsliv» i kap. 4.3.3.)

Forvaltinga vil vere open for aktivitet som bidreg til styrking av lokal næring, så lenge dette skjer innanfor verneforskrifta og rammene av berekraft og vern av natur- og kulturverdiane i området.

Reiselivsverksemder er sjølv ansvarleg for at aktivitetar dei har inne i verneområdet ikkje er i strid med verneforskrifta. Dersom det er fare for at slik aktivitet kan føre til skade på naturmiljøet, må det hentast inn særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta. Det er ikkje lov til å føre opp varige eller midlertidige innretningar (jf verneforskrifta §3.1.1), som t.d. fast leirplass. Det er viktig at reiselivet og andre organiserte turar (og alle andre) innarbeider gode rutinar med å ta ut alt avfall av området etter ein tur eller ein aktivitet.

#### **4.4.4 Aktuelle tiltak knytte til reiseliv**

- Lage ein eigen brosjyre om Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, som og kan distribuerast til reiselivsnæringa.

## 4.5 Motorisert ferdsla

### 4.5.1 Status og utfordringar

Motorferdsla i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er per i dag på eit moderat nivå. Den motorferdsla som er består seg i hovudsak av transport til hyttar og stølar, utkøyring av saltstein og kjentmannskøyring i regi av Røde Kors Hjelpekorps.

#### **Snøskuter /beltekøyrety på snøføre**

Innanfor verneområdet det i dag eit avgrensa omfang av køyring med snøskuter. Aktuell køyring er transport av varer til Longevasshytta og andre hytter, køyring i samband med vedlikehald av bygningar og køyring av saltstein til beitedyr. I tillegg kjem køyring i samband med oppsyn og hjelpekorpsa si køyring. Den inkluderer både køyring i samband med rednings- og leiteaksjonar, og kjentmannskøyring. Hjelpekorpsa har tradisjonelt ein viss aktivitet som inneber bruk av snøskuter i områda rett utanfor verneområdet.

Løyper til kjentmannskøyring som Røde Kors fekk i 2013:

- Rausetstøylen – Sessegga
- Ryggjastøylen - Traudalen
- Gjengedalsstøylen – Vasslivatnet
- Gimmedestøylen – Breidaslvatna
- Langedalen – Grankupa - Fagredalen
- Jardalen – Fagredalen
- Sørepidstøylen – Daurmålsnibba – Lisbetalen - Storevarden
- Gjengedalsstøylen – Måsevassdalen – Blådalen - Blåskaret
- Vonagarden – Vonastøylen – inste Vonaskaret – Steinbotnetn – Vonavatnet
- Vonavatnet – Gotdalen – Longevasshytta
- Gardalen - Sandfjellet

#### **Motorbåt**

Motorbåt er aktuelt transportmiddel på Storevatnet, Traudalsvatnet og Langedalsvatnet. På Traudalsvatnet og Langedalsvatnet er dette spesielt knytt til transport inn og ut til stølane ved vatna. Storevatnet er einaste vatnet som er over 2 km<sup>2</sup>, og som dermed er stort nok til at der er generell dispensasjon til bruk av motorbåt etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

#### **Motorferdsle på veg:**

Landskapsvernombordet har følgjande vegar:

- Vegar på begge sider av Osen i Traudalen i Gloppen, som går inn til nausta som ligg der
- Skogsveg oppi lia på austsida av Langedalen i Gloppen
- Veg til Brekkestøylen i Førde

Vegane i Traudalen vert brukt i samband med transport av materialar, utstyr og båtar til nausta, og transport av varer og forsyningar som skal transporterast vidare med båt inn til Dalsbøen.

Skogsvegen i Langedalen er berre i bruk i samband med skogsdrift. Vegen til Brekkestøylen er lite i bruk, den vert berre brukt i samband med transport til støylen.

## **Helikopter**

Helikopter vert nytta til transport i samband med bygging, vedlikehald og varetransport til hytter og stølar. Det vert og i ein skilde tilfelle nytta i samband med transport av sjuke dyr ut av området.

Opp til 1990-talet var det vanleg for sjøfly å fly inn jegerar og lande på vatn i Naustdal-Gjengedal - området.

I Jølster har det i fleire år vore tilbod til turistar om rundturar i helikopter. Det er ikkje aktuelt med landing i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord i samband med desse.

## **Uttransport av sjuke og skada husdyr**

Med mange husdyr på beite kan skader og sjukdom oppstå, og i visse tilfelle kan det verte naudsynt å transportere desse dyra ut.

### **4.5.2 Kva seier forskrifta?**

#### **Verneforskrifta**

Motorferdsel er omtala i verneforskrifta §3 punkt 5

##### **§ 3 Verneregler**

[...]

###### **5. Motorferdsel**

- 5.1. *Motorferdsel er forbode både på land og på vatn, inkludert landing med fly og helikopter. Forbodet gjeld også bruk av modellfly, modellbåt og liknande dersom dei har motor.*
- 5.2. *Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:*
  - a) *naudsynt motorferdsel ved militær operativ verksemnd, søk og opprydding etter sprenglekamar som ved uhell landar i verneområdet, politi-, ambulanse-, rednings-, brannvern- og oppsynsoppgåver eller gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyretemakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.*
  - b) *motorferdsel på godkjende traktorvegar og løyper for snøskuter i samband med hogst i samhøve med godkjent plan, jf. punkt 2.4.*
  - c) *bruk av påhengsmotor på heile Storevatnet i Gjengedalen.*
  - d) *uttransport av sjuke eller skadde husdyr. Dyret må vere lokalisert før motorkøyretøy blir tatt med inn i landskapsvernombordet. Køyretøy som blir brukt skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevest melding til oppsynet etter kjøringa.*
  - e) *motorferdsel i samhøve med reglane i motorferdselsloven på godkjend traktorveg til Nesstølen i samband med beitebruk.*
- 5.3. *Forvaltingsstyretemakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyretøy på vinterføre i samband med:*
  - a) *øvingskjøring knytt til formål nemnt i punkt 5.2 a)*
  - b) *transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*
  - c) *vedhogst og anna hogst i samhøve med punkt 2.4 inkludert å bruke traktor utanom sjølvre traktorvegane på vinterføre*
  - d) *stoviltjakt*
  - e) *transport av varer til hytter og stølar*
- f) *transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.*

### **Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag**

All motorferdsle i utmark må skje i samsvar med motorferdslelova. Ofte må man ha løyve både frå verneforskrifta og frå motorferdslelova. Det er kommunen som handterer motorferdsellova og som kan gje eit slikt løyve. I tillegg må ein ha løyve frå grunneigar der ein skal køyre.

#### **4.5.3 Retningsliner for brukarar og forvaltinga**

Det er ønskeleg at motorferdsla i verneområdet vert halde på lågast mogeleg nivå. Derfor er motorferdsle i utgangspunktet forbode, men med visse unntak i samband med konkrete føremål. Til visse andre føremål kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til motorferdsel etter søknad.

### **Transport i samband med beitebruk**

#### Tillate utan søknad:

- Uttransport av sjuke eller skada husdyr, etter følgjande retningsliner:
  - o Dyret må vere lokalisert på førehand
  - o Køyrety skal vere skånsamt mot markoverflata
  - o Statens naturoppsyn skal varslast på førehand på telefon eller sms.
  - o Traktor eller anna barmarksøyrety kan nyttast om det er naudsynt
  - o Tiltaket skal rapporterast til forvaltningsstyresmakta i ettertid
- Dersom skogsvegen til Nesstølen vert bygd, vil transport i samband med beitebruk på denne vegen vere tillate utan søknad.

#### Tillate etter søknad:

- Transport av saltstein og liknande
- Transport av materialar og utstyr til gjerder og innretningar som er naudsynte i samband med beitebruk

### **Transport i samband med hogst**

#### Tillate utan søknad:

- Motorferdsle i samband med hogst i tråd med godkjent hogstplan. (sjå retningsliner om hogst under kapittel 4.1.3 på side 30)

#### Tillate etter søknad:

- Motorferdsle i samband med transport av ved til hytter og stølar i verneområdet (sjå og under her)

## Transport til hytter og stølar

### Tillate etter søknad:

- Forvalningsstyretemakta kan gje løyve til transport av varer, forsyningar og utstyr til hytta og støla i landskapsvernområdet.  
Transportmåte og omfang må vurderast i kvar enkelt sak. Normalt sett vil ein kunne få løyve til inntil fem turar årleg til hytta og stølshus, men ved særskilt behov kan det opnast for fleire turar. Ved jamlege behov er det aktuelt med fleirårige løyver. Det er og ynskjeleg at fleire med transportbehov i same området samarbeider om dette, slik at ein reduserer motorferdsela til eit minimum.

## Transport i samband med jakt

### Tillate etter søknad:

- Forvalningsstyretemakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, motorbåt eller snøskuter i samband med storviltjakt. Mest aktuelt er uttransport av felt hjortevilt med helikopter eller motorbåt.

Jegerar som kan få bruk for motorferdsel inne i landskapsvernområdet i samband med storviltjakt, må søkje om dette før sjølege jakta tek til. Det tek litt tid å handsame saker, og ein kan ikkje rekne med å få slike løyver på kort varsel når behovet dukkar opp (etter felling). For jegerar som jaktar fast inne i landskapsvernområdet kan det vere lurt å söke om fleirårig løyve.

## Transport av material og utstyr

### Tillate etter søknad:

- Transport av material og utstyr i samband med bygging og vedlikehald av bygningar, bruver og andre installasjoner.

## Motorbåt

### Tillate utan søknad:

- Bruk av båt med påhengsmotor på Storevatnet.

### Tillate etter søknad:

- Bruk av båt med motor i samband med beitebruk, storviltjakt, hogst etter godkjent hogstplan og transport til hytter og stølar.

## **Redningstenesta**

### Tillate utan søknad:

- Motorferdsel i samband med reelle redningsoppdrag og leiteaksjonar

### Tillate etter søknad:

- Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med øving for redningstenesta, men slike øvingar skal so langt det er mogeleg leggast utanfor verna områder.

## **Uttransport av sjuke og skadde dyr**

### Tillate utan søknad:

- Bruk av motorferdsel til å transportere ut husdyr som er blitt sjuke eller skada på beite i verneområdet. Dyret skal lokalisera før det vert brukt motorferdsel inne i verneområdet. Det skal brukast køyrety som er skånsamt mot terrenget.  
Etter uttransporten skal naturoppsynet varslast.

Jamfør rundskriv frå Miljøverndepartementet av 31.01.2013 om «redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder» kan forvaltningsstyresmakta gje redningstenesta løyve til kjentmannskøring i verneområdet. Løyvet skal i so fall gjevast som ein dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 første ledd. Dispensasjon skal berre gjevast for kjentmannskøring som er ein del av ein øvingsplan, som igjen er forankra i ein redningsorganisasjon og i samsvar med lokal redningssentral.

### **Køring i samband med oppkjøring av skiløyper**

Verneforskrifta opnar ikkje for bruk av motorkjøretøy til å preparere skiløyper, men Klima og miljødepartementet har vedtatt at det likevel kan gjevast løyve til å køyre opp skiløype med snøskuter på ruta frå Vonavatnet til Fosselvekråa. Det er ikkje aktuelt å gje løyve til andre løyper enn denne.

### **Generelt**

Forvaltinga ønskjer å ha kjennskap til det samla omfanget av motorferdsel i landskapsvernområdet. All motorisert ferdsel i verneområdet som det er gjeve løyve til skal derfor rapporterast til forvaltningsstyresmakta ved områdeforvaltaren. Det einskilde løyvet fastset på kva måte det skal rapporterast og set krav til innhald i rapporten.

### **Generelle rutinar ved bruk av løyve til motorferdsel:**

- Forvalningsstypesmakta kan legge vilkår om val av trase og tidspunkt i løyva.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, slik at oppsynet kan gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal takast med under transport. Køyrebok fyllast ut for kvar tur før turen tek til.
- Det skal sendast ein kortfatta rapport til områdeforvaltaren og SNO om gjennomføringa, der ein gjerne også legg inn eventuelle observasjonar av verdi for forvaltinga av området (t.d. førekjoming av rein i området).
- I samband med årvisse transportoppgåver og til kjentmannskøyring kan det vere aktuelt å gje fleirårige løyve til køyring etter ein prøveperiode. Med eventuell justering av vilkåra kan løyve bli utvida til å gjelde for 4 år om gangen.

### **Rutiner for sakshandsaminga**

Villreinnemnda og villreinutvalet skal nyttast som høyringsinstans i større sakar (dvs. meir enn eit par transportturar) og når det vert søkt om motorferdsel i område der ein veit det kan vere utfordringar med omsyn til villrein.

Ved kjende hekkeplassar for sårbare artar (kongeørn o.a.) bør helikopterlanding ikkje finne stad i hekketida (frå om lag 1. januar – 1. juli). Lokalisering av hekkeplassar for freda rovfugl er unntake offentlegheit. Fylkesmannen må difor kontaktast dersom ein har behov for å få nøyaktig lokalisering av slike.

Sjå fleire rutiner og tips til søknader og sakshandsaming i kapittel 5.

### **Lov om motorferdsel i utmark og kommunen si rolle**

Sjølv om verneforskrifta kjem inn og regulerer motorferdsel inne i landskapsvernombjådet, gjeld likevel *Lov om motorferdsel i utmark* på lik linje som utanfor verna område. All motorferdsel i utmark skal ha løyve eller dispensasjon etter denne lova. Det er kommunen som handterer motorferdsellova, og søkerane er sjølv ansvarleg for at løyve eller dispensasjon frå denne lova er i orden.

## 4.6 Bygningar

### 4.6.1 Status og utfordringar

Det er ein del bygningar innanfor landskapsvernombordet, for fullstendig oversyn sjå vedlegg 3. Dei fleste bygningane i landskapsvernombordet er knytt til tradisjonell landbruksdrift, det vil seie at det er sel, fjøs, naust og tilsynsbuer.

Bygningane treng jamleg vedlikehald, særleg bygningsmiljøa ved stølane og naustområda har eldre bygningsmasse. Det er ikkje tradisjonell drift på stølane og bygningane vert brukt i samband med friluftsliv, rekreasjon, vedlikehald av stølane og tilsyn med beitedyr.

Longevasshytta er ei turlagshytte som er eigd av Indre Sunnfjord Turlag. Den er open for ålmenta mot betaling for bruken. Det er og nokre få private hytter i landskapsvernombordet.

### 4.6.2 Kva seier forskrifter?

Landskapet er varig verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. § 3 pkt 1.1 i verneforskrifta.

#### § 3. Verneregler

##### 1. Landskapet

1.1. Området er verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnataka som følgjer av punkt 1.2 og 1.3 i forskriftera er det forbod mot inngrep som til dømes vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg eller andre varige eller mellombelte innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, påfylling av masse, boring, sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering, anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i luft og i jord, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt og merking av stiar og turløyper. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

##### 1.2. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Vedlikehald av bygningar og andre tekniske innretningar. Vedlikehald skal ikkje føre til endra utsjånad.
- b) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5.
- c) Anlegg for sinking av beitedyr og naudsnyt gjerdehald for beitedyr i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar og liknande til beitedyr.
- d) Vedlikehald av godkjende vegar og oppsetting av boltar for enkle båtfeste.

[...]

- 1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:**
- Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.*
  - Oppattbygging av gamle stølshus som har ramla ned eller bygningar som er skada ved brann eller naturskade.*
  - Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift som ikke er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*
  - Oppføring av naust for grunneigarar som har bruksrett i området. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*
  - Oppføring av naust ved austenden av Traudalsvatnet i samhøve med vedteken kommunedelplan frå 1998. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*
  - Oppføring av eit mindre tal hytter i eit avgrensa område sør for Arnestadstøylen. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*

### **Plan- og bygningslova**

Oppføring av bygningar er i hovudsak søknadspliktig jf. plan- og bygningslova § 20-1. Det same er påbygging, ombygging eller vesentleg endring av ein bygning. All bygging i verneområdet må og vere i tråd med plan- og bygningslova (til vanleg løyve), og dispensasjon frå verneforskrifta fritek ikkje frå krava i plan- og bygningslova.

#### **4.6.3 Retningsliner for brukarar og forvaltinga**

##### **Eksisterande hytter, stølshus og andre bygningar:**

###### Tillate utan søknad:

- Vedlikehald av bygningar og andre tekniske innretningar.  
Definisjon: *mindre tiltak som opprusting av teknisk og funksjonell standard slik som taktekking, etterisolering, skifte av glas (utsjånad som dei gamle), utskifting av panel, vedlikehald av grunnmur og pipe med meir. Tiltak som fører til fasadeendring vert ikkje definert som vedlikehald, men vil vere søknadspliktige tiltak jf. forskrifter § 3. pkt. 1.3 a).*

#### Tillate etter søknad:

- Ombygging av bygningar

*Definisjon: endringar på bygning innanfor eksisterande grunnflate som medfører fasade- eller bruksendring.*

Det er ikkje krav om løyve for å endre bruken etter verneforskrifta sjølv om vedlikehald eller ombygging vert gjort med siktet på endra bruk. Ei bruksendring krev likevel ofte løyve etter plan- og bygningslova og søknad om bruksendring må då skje på vanleg måte.

- Utviding av bygningar

*Definisjon: Utviding som aukar bygningen sitt areal.*

I følgje forvaltningspraksis vert utviding av eksisterande areal med inntil 30 % vurdert som akseptabelt. Total BYA skal ikkje vere over 45 m<sup>2</sup> etter utviding.

- Bygge opp att gamle stølshus som har ramla ned og bygningar som er skada eller øydelagde av naturskade eller brann.

Bygningane bør byggast opp igjen slik som dei var før skaden eller forfallet tok til.

#### **Nye bygningar:**

#### Tillate etter søknad:

- Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift, og som ikkje er i strid med verneføremålet.

Denne regelen vil i hovudsak gjelde oppføring av stølshus i eksisterande stølsmiljø og oppføring av gjetarhytter. Stølshus og hytter må vere knytt til aktiv landbruksdrift og bygningane må vurderast som naudsynte for å kunne halde landbruksdrift (som regel snakk om beitebruk) på eit ønska nivå. Bygningane bør lokaliserast til områder kor der er bygningar frå før. Gjetarhytter skal vere knytt til sankelag/beitelag eller liknande.

- Oppføring av naust for grunneigarar som har bruksrett i området.

Eventuelle nye naust bør byggast slik at dei er tilpassa landskapet og ikkje er meir synlege enn kva som er naudsynt.

- Oppføring av naust ved austenden av Traudalsvatnet.  
(sjå omtale på side 57)

- Oppføring av eit mindre tal hytter i eit avgrensa område sør for Arnestadstøylen.  
(sjå omtale på neste side)

I alle saker som gjeld ombygging, utviding og nyoppføring av bygningar vert det lagt mykje vekt på tilpassing til landskap og lokal byggeskikk. Kva som definerer tilpassing til landskap og tradisjonell byggeskikk er avhengig av skjønn, og byggeskikk kan variere mellom ulike delar av landskapsvernombretet. Dei vanlegaste bygningane med tradisjonar i utmark i Sogn og Fjordane er stølshus og utløer. Heftet "Stølar og stølsdrift" som er gjeve ut av fylkesmennene og fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland (Gald 2009) er ei god rettesnor i utøvinga av dette skjønnet. Det er fylkeskommunen si kulturavdeling som er faginstans på omsyn til lokal byggeskikk, og som hovudregel skal verneområdeforvaltninga rådføre seg med dei i byggesaker. Omsyn til lokal byggeskikk gjeld både utforming, storleik, materialval, plassering m.v.

## **Storleik på bygningar**

Flatemål på bygningar er eit viktig spørsmål ved nybygging og utviding. Storleik er eit viktig moment for byggeskikken, og i desse stølsmiljøa og i høgfjellet er det tradisjonelt små bygningar. Storleik på bygningane er avhengig av type bygning, bruk, behov og lokal byggeskikk, men skal i utgangspunktet vere innafor desse rammene:

- Stølshus skal ha ein storleik som er i stil med dei andre husa på den aktuelle stølen. Dette kan variere mellom stølane, men som regel ikkje meir enn 35 m<sup>2</sup> (BYA).
- Gjetarhytter opptil 25 m<sup>2</sup> (BYA)
- Naust i Traudalen følgjer retningslinjene i kommunedelplan og lokale retningslinjer.
- Andre naust opptil 15 m<sup>2</sup> (BYA).

## **Hyttefeltet ved Arnestadstøylen.**

I verneforskrifta er det opning for *"oppføring av eit mindre tal hytter i eit avgrensa område sør for Arnestadstøylen."*. Hytteplanen er frå 1981 og gjeld ti gardsbruk med bruksrett i området som har rett til å oppføre hytter her. Ei hytte er bygd, og det er derfor opna for å føre opp ni hytter til. I kongeleg resolusjon står følgjande:

*"Direktoratet vil presisere at bygging av hytter i Langedalen skal skje etter ein plan i tråd med markert planområde i fylkesmannen sitt brev av 14. september 2001 til Gloppe kommune og Direktoratet for naturforvalting. Nærare vilkår skal gjevest i forvaltningsplanen for verneområdet, og det skal leggjast vekt på ein nøktern og tradisjonell byggeskikk."*

I Askeladden (database for kulturminner) er det merka av eit automatisk freda kulturminne i det aktuelle området for hyttene. Fylkeskommunen si kulturavdeling har vore på synfaring i området og slått fast at registreringa i Askeladden er feil. Det automatisk freda kulturminnet ligg på vestsida av Langedalsvatnet og er ikkje i strid med desse hyttene.

### Retningslinjer for hyttefeltet:

- Hyttene skal plasserast sør for Arnestadstøylen, og minst 150 m frå sjølve støylen.
- Det skal leggast fram ein samla plan for plassering av hyttene som verneområdestyret skal godkjenne.
- Hyttene skal ha ein nøktern storleik, og ikkje vere større enn 45 m<sup>2</sup> (BYA)
- Det skal ikkje vere platting eller gjerde rundt hyttene. Hyttene kan ha ein liten platting ved inngangsdøra.
- Hyttene skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk:
  - o Hyttene skal vere rektangulære hytter utan vinkel
  - o Hyttene skal ha saltak utan arker og med korte utstikk
  - o Hyttene skal ha torvtak
  - o Hyttene skal ha vindauge med sprosser og eventuelle vassbrett av tre.
  - o Hyttene skal ha liggjande kledning

Vidare føringar for bygging av hyttene vil verte vurdert i kvar enkelt sak.

## **Naust i austenden av Traudalen**

Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til å bygge naust ved Osen i Traudalen. Desse må vere i tråd med kommunedelplan for området frå 1998. I eit utbyggingsplan frå 2001 er det sett retningslinjer for desse nausta:

### **Retningslinjer for nausta i Traudalen:**

- Det kan byggast inntil 16 doble naust på sørsida av vatnet.
- Nausta skal plasserast som teikna på kart i samband med utbyggingsplanen
- Naustbygningane skal ikkje ha større ytre mål enn 5 x 6 m, og gesimshøgda skal ikkje vere høgare enn 2,3 m
- Bygningane skal ha mørk farge, mønetak med takvinkel mellom 30 og 45 grader og elles utforming mest muleg i samsvar med dei andre nausta i austre enden av Traudalsvatnet



## **Søknader knytt til bygningar**

Følgjande punkt vert lagt vekt på og skal beskrivast i ein søknad:

- storleik og form på bygningen
- utvendig kledning og fargebruk
- takvinkel og takmateriale
- plassering og utforming av vindauge
- eksisterande bygningsmiljø
- plassering med omsyn til eksisterande bygg og terreng

Søknaden skal ha følgjande dokumentasjon:

- enkle planteikningar
- fasadeteikningar
- situasjonsplan (kart) med plassering av bygning i høve eksisterande bygningsmiljø
- foto frå eksisterande bygningsmiljø og landskap
- gamle foto, spesielt aktuelt ved oppattbygging av gamle stølshus.
- Kartfesting med kartutsnitt i maksimalt 1:50 000 eller UTM-koordinat ned til 10 m nøyaktigkeit.



#### Bygningar og støl

- Hytter
- Støl

**Figur 7.** Det er mange stølar og hytter (for det meste tilsynsbuer) i landskapsvernområdet. Tilsynsbuene vert nytta i samband med tilsyn med beitedyr, og jakt. Ei full oversikt over bygningar er gitt i vedlegg 3.

#### **4.6.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml)**

I følgje § 7 i naturmangfaldlova skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggast til grunn ved all bruk av offentleg mynde som omhandlar natur og miljø. Innafor tema bygningar er dei aller fleste søknadspliktige. Kvar enkelt sak må vurderast konkret og det må gjerast vurdering etter miljørettsprinsippa i kvar enkelt sak. Likevel er det nokre retningslinjer i forvaltningsplanen som må vurderast jamfør nml § 7.

Bygningar kan ha stor påverknad på landskapet, både enkeltbygningar og bygningsmiljø. Det er viktig for heilskapen i eit landskap at både utsjånad på bygningane og plasseringa av dei er i tråd med den tradisjonelle byggeskikken og at påverknaden som bygningane har på landskap og terrenget er dempa og diskret. Tradisjonell byggeskikk og bygningsmiljø generelt er grundig handsama i verneprosessen gjennom lokale innspel, synfaringar og av fagfolk. Omsyn til lokal byggeskikk og nøy sam og diskret utforming må dessutan vurderast i kvar enkelt sak, gjennom synfaring og at sakene vert sendt til fylkeskommunen si kulturavdeling for uttale. Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8, kring bygningar og bygningsmiljø generelt sett er godt. Retningslinjer for storleik og byggestil som står i planen bygger på dei eksisterande bygningane i verneområdet og på forvaltningspraksis frå tidlegare saker og klagesaker.

Den samla belastninga av ukritisk byggeaktivitet kan fort bli stor, jamfør nml § 10. Det er derfor viktig at ein har ein heilskapleg plan på bygningar, og då særleg hyttebygging. Dette vert ivaretakne av at talet på hytter ved Arnestadstøyen er avgrensa og at det skal lagast ein plan over plassering. Tal på bygningar i resten av landskapsvernombordet skal ikkje auke i særleg grad, og det er berre i heilt særskilde tilfelle at det vert gjeve løyve til nye bygningar.

Jamfør nml § 12 kan styresmakta sette krav til at mest skånsame metode og lokalitet vert brukt. Når det gjelder bygningar er det aktuelt med plassering av bygningar. For hyttene ved Arnestadstøyen skal det lagast ein samla plan for plassering som verneområdestyret skal godkjenne. I tillegg skal det gjerast ei vurdering for kvar enkelt hytte og for andre bygningar med tanke på landskapstilpassing.

#### **4.6.5 Tiltak**

- For å bevare landskapskarakteren der denne blir prega av bygningar, stølsmiljø, naustmiljø m.m. bør det gjennomførast kartlegging av desse kulturmiljøa gjennom kartfesting av einskildbygg, avgrensing av kulturmiljøa på kart og fotodokumentasjon. Kartlegginga kan brukast som referanse for å vurdere om verneverdiane vert ivaretakne.
- Det skal lagast ein byggerettleiar for landskapsvernombordet som gjev utfyllande retningslinjer om kva som kan tillatast i verneområdet, om kva for tilpassingar til lokal byggeskikk det er krav om, og om korleis søknadsprosessane føregår.

## 4.7 Kraftanlegg og andre tekniske inngrep

### 4.7.1 Status og utfordringar

Innanfor verneområdet er to verna vassdrag.; Ryggelva i Gloppe og Nausta i Naustdal. Kring området er det fleire konsesjonssøknader om vasskraftutbygging under handsaming og arbeid. Verneforskriftene opnar ikkje for vassdragsregulering i landskapsvernombordet, med unntak av dei to prosjekta som er nemnde i § 3 pkt 1.2.

Ryggelva i Gloppe kommune som kom med i verneplan IV i 1993, og Nausta i Naustdal kommune som kom med som suppleringsvern i 2005. Begge vassdraga er verna med grunnlag i «Urørhet». Dette vernet medfører at vassdraga, inkludert vatn, sideelver og eit belte på opptil 100 m breidde langs sidene, er verna frå konsesjonspliktige kraftutbyggingar. Det medfører og at vassdraga skal forvaltast etter rikspolitiske retningslinjer.

Av andre tekniske inngrep er det særleg bruer som er aktuelt. Det er fleire bruer innanfor verneområdet, og det er behov for fleire. Både i samband med beitebruk og friluftsliv er det behov for permanente bruer og lette bruer som kan fjernast slik at dei ikkje vert tekne av is og vatn.

### 4.7.2 Kva seier forskrifa?

Verneforskrifta har reglar om kraftanlegg og andre tekniske inngrep i § 3. I tillegg er tekniske inngrep omtala i føremålsparagrafen, § 2.

#### § 3. Verneregler

##### 1. Landskapet

1.1. Området er verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnataka som følgjer av punkt 1.2 og 1.3 i forskrifa er det forbod mot inngrep som til dømes vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg eller andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, påfylling av masse, boring, sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering, anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i luft og i jord, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt og merking av stiar og turløyper. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

[...]

1.2. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

[...]

e) Regulering av følgjande vatn dersom det vert gjeve konsesjon etter vassdragsreguleringslova for kraftutbygging:

- 1) Storevatnet i Gjengedalsvassdraget. Vasstanden må ligge innanfor øvre og nedre naturlege nivå.
- 2) Stegsvatnet ved utbygging mot Årdal i Jølster. Vasstanden må ligge innanfor øvre og nedre naturlege nivå.

[...]

1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

[...]

g) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.

[...]

k) Bergverksdrift ved tunnel frå utsida av verneområdet.

l) Prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift, jf. punkt 1.3.k.

#### 4.7.3 Retningsliner for brukarar og forvaltinga

##### Kraftutbygging

###### Tillate utan søknad:

- Regulering av Storevatnet i samband med kraftutbygging, innanfor naturleg vasstandsviasjon. Utbygging krev konsesjon frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).
- Regulering av Stegsvatnet i samband med kraftutbygging, innanfor naturleg vasstandsviasjon. Utbygging krev konsesjon frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Dersom kraftutbyggingane fører med seg fysiske inngrep eller installasjonar innanfor grensa til landskapsvernombordet, må det søkjast om.

Vernet av Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er ikkje til hinder for utbygging av kraftverk utanfor landskapsvernombordet, så lenge det ikkje påverkar naturkvalitetar og verneverdiar innanfor grensene for landskapsvernombordet, jf. nml § 49. Verneområdestyret vil vere aktive i høyringsprosessar i kraftsaker som kan ha verknad på verne- og naturverdiar i landskapsvernombordet, sjølv om dei ligg utanfor grensa til verneområdet.

##### Bergverksindustri

###### Tillate etter søknad:

- Underjordisk bergverksindustri med tunnel utanfor landskapsvernombordet.
- Prøveboring og luftesjakter i samband med bergverksindustri som nemnt over.

Desse punkta er tekne med i forskrifta i samband med eit muta område ved Ålhus i Jølster

##### Andre tekniske inngrep

###### Tillate etter søknad:

- Bygging av bruer og kloppar i samband med friluftsliv og/eller beitebruk. Dette er omtala under kap 4.1 Landbruk.

##### Naudnett

Stortinget vedtok i 2006 å starte med utbygging av naudnett i Noreg. Basestasjonar og andre installasjonar i samband med dette skal leggast utanfor verna områder med mindre det er heilt naudsint for dekninga at dei ligg innanfor. Dersom det vert naudsint med installasjonar inne i landskapsvernombordet so må det søkjast om og søknaden handsamast etter naturmangfaldlova §48. Dette står beskrive i brev frå Miljøverndepartementet av 14.11.2012.

## 4.8 Forsking og undervisning

### 4.8.1 Status og utfordringar

Til no er Naustdal – Gjengedal lite brukt i forskingssamanheng. Det er difor få kjende problemstillingar eller interessekonfliktar mellom vernet/verneverdiane, og forsking og undervising.

Det store myrdeltaet aust for Vonavatnet er svært interessant både på grunn av storleik, variasjon og botanisk produksjon. Dette representerer ein sjeldan landskapstype som det ikkje finst tilsvarande døme på i fylket. Torvavsetningane er opptil 2,5m tjukke, og området har stor verdi for vegetasjonshistoriske studiar.

Geofagleg er Gjengedalsvassdraget eit svært godt typevassdrag for midtre og indre dal- og fjordstrøk på Vestlandet. Det har stor pedagogisk og forskingsmessig verdi og er lite påverka av inngrep. Vassdraget har svært stor interesse som referansevassdrag for denne regionen på Vestlandet.

### 4.8.2 Kva seier forskrifa?

Området er verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Dette gjeld alle typar inngrep, inkludert inngrep i samband med føremål som forsking og undervising.

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane, jf. naturmangfaldlova § 48, dersom omsyn til særlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Eit viktig vilkår for dette er at tiltaket ikkje strir mot føremålet med vernet og at verneverdiane ikkje vert nemneverdig påverka.

*Naturmangfoldloven §48, dispensasjon fra vernevedtak:*

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*[...]*

### 4.8.3 Retningslinjer for brukarar og forvaltinga

Forvaltinga vil generelt stille seg positive til å leggje til rette for forsking som vert drive i området, så lenge forskingsaktivitetane ikkje er i strid med verneformålet eller fører til inngrep og/eller motorferdsel. Forskingsaktivitet som ikkje må lokaliserast til eit verneområde bør gjennomførast utanfor verneområde.

## **5 Forvaltningsoppgåver og tiltak**

### **5.1 Sakshandsaming**

Søknader og saker som kjem inn til forvaltingsstyresmakta skal stilast til styret og sendast til sekretariatet (verneområdeforvaltaren). Forvaltaren handsamar saka, gjer dei undersøkingane og hentar inn dei opplysningane som trengst for å få handsama saka grundig. Deretter vert saka lagt fram for styret som då gjer vedtak i dei enkelte sakene.

Alle vedtak som det forvaltingsstyresmakta fattar, skal vurderast opp mot miljøprinsippa i naturmangfaldlova sine §§ 8-12. Dette står omtala under del 1.3 i denne planen.

Kopi av vedtak etter verneforskrifta skal sendast til Miljødirektoratet, Statens naturopsyn, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og andre relevante instansar. Alle vedtak gjort av styret kan klagast på, jf. reglane om klager i forvaltningslova. Alle partar i saka kan klage, og det kan og organisasjonar og liknande som har interesse i saka. Fylkesmannen har og klagerett på vedtak som er gjort av styret.

Ei eventuell klage på eit vedtak skal sendast til sekretariatet, som legg klagen fram for styret. Styret kan enten ta klaga til følgje og gjere om på sitt opphavlege vedtak, eller dei kan sende klaga vidare. Klagen skal då sendast til Miljødirektoratet, som fattar vedtak i klagesaka. Miljødirektoratet sitt vedtak kan ikkje klagast på.

Alle vedtak skal registrerast i Miljøvedtaksregisteret.

Ein del tiltak og inngrep treng løyve gjennom fleire lovverk. Forvaltingsstyresmakta har berre mynde til å gje dispensasjonar med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova. I dei tilfella der ein treng løyve gjennom andre lovverk i tillegg, må tiltakshavar sjølv syte for å søkje til den instansen som handsamar det lovverket (kommune, fylkeskommune, direktorat m.fl.).

Det bør etablerast gode rutinar mellom verneområdestyret, verneområdeforvaltar og kommunane for søknader som treng løyve frå fleire instansar (kommune, fylkeskommune, direktorat m.fl.), m.a. når det er behov for løyve både frå verneforskrift og frå anna lovverk. Dette vil til dømes vere aktuelt i motorferdselsaker og bygningssaker, der ein oftast må ha løyve frå kommunen i tillegg til løyve frå forvaltningsstyresmakta. Når eit tiltak krev løyve frå fleire instansar bør dei ulike instansane vere hjelpsame ovanfor søkerane og informere om kva som må søkast og kor ein skal sende søknad.

## **Korleis skrive søknader?**

Mange er usikre på korleis ein skal skrive søknad, kva ein skal skrive i den og kor ein skal sende søknaden. Dette gjeld både søknader om motorferdsel og søknader om bygningar og installasjoner. Her er ei enkel «oppskrift»:

1. På førehand kan det vere lurt å kontakte verneområdeforvaltaren og diskutere saken. Då kan ein få klarlagt om tiltaket er søknadspliktig og kva ein bør få med i søknaden.
2. Søk i god tid. Det tek tid å utgreie sakene, og verneområdestyret som skal fatte vedtak har berre 4-6 møter kvart år.
3. Når ein skriv søknaden, skriv den enkel og konkret. Ta med:
  - a. Kva du vil söke om å gjere
  - b. Kvifor du vil gjere det (føremål)
  - c. Kor dette er
  - d. Korleis det skal gjennomførast

Lange utgreiingar om historikk og bakgrunn er ikkje naudsynt. Sakshandsamaren vil be om dette om det trengs.

4. Ta gjerne med vedlegg. Til dømes biletar og teikningar over bygningar og kart som syner plassering av bygningar eller ruter for motorferdsel.
5. Søknader sendast per post eller e-post. Enten til postmottaket på Leikanger eller til forvaltningsknutepunktet på Sandane.

### Adresse Leikanger:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
v/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

e-post: fmsfpost@fylkesmannen.no

### Adresse Sandane:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
Postboks 300  
6821 SANDANE

e-post: naustdal-gjengedal@fylkesmannen.no

## **5.2 Oppsyn**

Statens naturopsyn (SNO) er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan og utøver mynde etter lov om statlig naturopsyn. SNO har det overordna ansvar for naturoppsynet i alle verneområda, og ansvar for oppsyn av aktivitet i medhald av følgjande miljølover; friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdselslova, kulturminnelova, viltlova, laks- og innlandsfisklova og forureiningslova. Oppgåvene til SNO er todelte, og rettar seg både mot tilsyn med naturtilstand og tilsyn med menneskeleg verksemd i naturen.

Den lokale SNO-tilsette vil i oppsynet av verneområdet ha arbeidsoppgåver som inneber:

- Oppsyn med tilstand og utvikling i området
- Oppsyn med status for natur- og kulturverdiar
- Rettleiing og informasjon til brukarane av området
- Skjøtsel og vedlikehald på oppdrag frå forvaltningsmynde
- Kontroll og rapportering i høve brot på verneforskriftene og anna lovverk

Det lokale naturoppsynet som har ansvar for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet og Ålfotbrean landskapsvernombordet er lokalisert på Sandane, og lokalisert saman med verneområdeforvaltaren på forvaltingsknutepunktet der.

## **5.3 Informasjon**

Informasjon og formidling er naudsynt for å legge til rette for at brukarane av området skal få gode naturopplevingar og for at dei skal ha føresetnader for å rette seg etter verneforskrifta. Det er forvaltingsstyresmakta som har ansvaret for utarbeiding av denne informasjonen. Den vil bli utarbeidd i regi av forvaltinga i samsvar med malane til Miljødirektoratet.  
(<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktøy/Annet/Grafisk-profil-for-verneområdene/>).

### **Internett**

Internett er ein måte å nå ut med informasjon til ei stor målgruppe, samstundes som informasjonen ikkje set fysiske spor i landskapet. Naustdal - Gjengedal landskapsvernombordet har si eiga nettside, og i tillegg Facebookside. På nettsida vert det lagt ut nyhende, informasjon om verneområdet og forvaltinga, sakspapir og ikkje minst biletar frå verneområdet.

## **Informasjonsplakatar**

Der det vert tilrettelagt for parkering og merking/utbetring av stiar inn til verneområdet er det sett opp tavler med informasjon om området og tilråding om bruk. Desse er sett opp på følgjande stader:

- Vonavatnet (P-plass ved vatnet om sommaren, og P-plass ved Steinbakken om vinteren)
- Gjengedalsstøylen - Storevatn i Gloppen
- Langedalen i Gloppen
- Rygg - Traudalen i Gloppen
- Fitjedalen i Gloppen
- Årdal - Legestøylen i Jølster
- Ålhus - Gotdalen i Jølster
- Angedalen i Førde, Indrebø og Botnen
- Helgheimsdalen i Jølster
- Myklandsdalen i Gloppen
- Nesstøylen i Gloppen
- Jardalen

Med tida kan det vere eit mål å ha både ein plakat om Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde og ein plakat med lokal natur- og kulturhistorisk informasjon på kvar innfallsport.

Det bør òg utarbeidast nokre generelle plakatar som kan nyttast som oppslag i turistinformasjon i lokalmiljø nær verneområdet. Informasjonen skal utarbeidast etter dei eksisterande skiltmalane til Miljødirektoratet. Sentrale plasser langs hovudvegnettet for informasjon om Naustdal-Gjengedal er:

- Skei
- Breim (Breimsvatnet)
- Sandane
- Hyen
- Naustdal
- Førde
- Rastepllass(ar) langs Jølstravatnet

## **Brosjyre**

Det vil bli utarbeidd ein brosjyre om Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde som t.d. kan distribuerast til reiselivsnæringa og andre brukarar av området. Ein slik brosjyre vil bli utarbeidd i tråd med Miljødirektoratet sine malar.

## **Informasjon til reiselivsaktørar**

Det bør takast kontakt med destinasjonsselskap som marknadsfører området på generell basis og bedes innarbeide informasjon om landskapsvernområdet og rammene for bruken av dette i si marknadsføring.

## **5.4 Kartlegging**

Det er kunnskapsmangel knytt til fleire av verneverdiane i området. Det vil derfor vere veldig positivt å få gjennomført kartlegging som tiltak for å betre kunnskapsgrunnlaget om mellom anna:

- Prioriterte naturtypar (naturtypar viktige for biologisk mangfald)
- Flora
- Rovfugl
- Vadefugl
- Kulturlandskap med stølar, naustmiljø og beiteområde
- Kulturminne (stiar, bruer, gjerde, steinbuer, tufter og oppmurte hellarar, arkeologiske kulturminne)
- Friluftsliv
- Fiskebestandar

## **5.5 Skjøtsel**

Skjøtsel av verdfullt kulturlandskap i landskapsvernombordet vil vere viktig. I særleg verdfulle kulturlandskapsområde vil det vere ei stor føremøn om skjøtsel vert utført etter ein skjøtselsplan. Det er særleg i stølsdalane og i området rundt stølsmiljøa at det er behov for aktiv skjøtsel.

Skjøtselsplanar skal byggje på forvaltningsplanen og retningslinjene som er trekt opp her. So langt ein har oversikt over no, bør det utarbeidast skjøtselsplanar for:

- Arnestadstøylen i Langedalen
- Fitjestøylen i Langedalen
- Dalsbøen i Traudalen
- Nesstøylen i Naustdal

Forvaltingsstyresmakta vil vurdere om det er behov for skjøtselsplanar andre stader i verneområdet.

## **6 Referansar**

Braa A., Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, Fylkesmannen i Rogaland, 2009

Bøthun S. W., 2011 Kartlegging av leveområde for villreinen, Førdefjella villreinområde, Aurland Naturverkstad, in prep.

Direktoratet for Naturforvalting. 2001 (2008). Forvaltingshåndboka. Håndbok 17.

Fjeldstad, H. 2004. Biologisk mangfold i Jølster kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2004-4: 1-24 +vedlegg.

Fjeldstad, H. 2004. Biologisk mangfold i Naustdal kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2004-5: 1-25 +vedlegg.

Fjellteksten. St.prp. nr. 65. 2002-2003.

Fylkesmannen i Hedmark. 2010. Etablering av nasjonalparkstyre for Foreollhogna nasjonalpark med tilliggende verneområder – praktiske spørsmål. Brev til Holtålen kommune 5. november 2010.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. 2000. Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal.

Gaarder, G. & Fjeldstad, H. 2002. Biologisk mangfold i Gloppen kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2002:10. 1-44.

Gald, Reidulf. 2009. Stølar og stølsdrift. I fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane. Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Hjelmeset, Svein Jan. 2013. Kartlegging av floraen i Fagredalen.

Hjelmeset, Svein Jan. 2014. Kartlegging av blomstrar og fuglar i området Morafta 2014.

Larsen, B. H. & Gaarder, G. 2005. Biologisk mangfold i Førde kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2005-15: 1-30 + vedlegg.

Levende skog. 2006. Standard for et berekraftig norsk skogbruk. Rådet for levende skog.

Miljøverndepartementet 2005, Forskrift om forvalting av rovvilt.

Miljøverndepartementet, 2006, Handlingsplan for berekraftig bruk, forvalting og skjøtsel av verneområde.

Miljøverndepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Direktoratet for naturforvalting.

2008. Prosjektbeskrivelse: Forsøk med utprøving av metoder for målstyrt forvalting i verneområder.

Miljøverndepartementet. 2009. Forskrift om vern av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal kommunar, Sogn og Fjordane.

Miljøverndepartementet. 2009. Kgl.res. 9. januar 2009. Med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. § 21, § 22 og § 23.

Moen, Asbjørn. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk. Hønefoss.

Rekkedal C. E. og Sundby T., Faktagrunnlag til Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune 1999

Solheim, Erik. 1976. Rein og reinbeite i Vona – Gjengedalen-området – Hovudoppgåve ved NLH (upublisert). 54s + 4 vedl.

Stortingsmelding nr. 39. 2000-2001. Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet.

Miljøverndepartementet.

Ueland T., forvalting og skjøtsel av stølar, Gloppen kommune 1998

**Munnlege kjelder og e-post:**

Førde kommune v/Berit Holme

Gloppen kommune v/Harald Kjær.

Jølster kommune v/Finn Olav Myhren

Jølster kommune v/Oddmund Klakegg,

Kjell Oddvin Hjellbrekke –Sogn og Fjordane Turlag

Lars Indrebø, grunneigar Angedalen

Naustdal kommune v/Henning Malones

Nils Magne Gjengedal, grunneigar Gjengedalen

Olav Svoen Grunneigar Instedalen

Ole B Årdal, grunneigar Årdalen

Ole Gimmestad, grunneigar Breidalen (Gimmestad)

Rakel Rygg Wilke, grunneigar Traudalen(Rygg og Grov sameige)

**Kjelder på internett:**

Fylkesatlas Sogn og Fjordane. [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no). Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Askeladden - Riksantikvaren sin kulturminnebase

Naturbasen - Miljødirektoratet

Beitebrukskart – institutt for Skog og Landskap

Artsdatabanken

Verneplan for vassdrag, <http://www.nve.no/no/Vann-og-vassdrag/verneplan/> Norges vassdrags- og energidirektorat.

## Vedlegg

### Vedlegg 1 Verneforskrift

#### Forskrift om Verneplan for Naustdal-Gjengedal. Vern av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, Førde, Gloppe, Jølster og Naustdal kommunar, Sogn og Fjordane

**Heimel:** Fastsett ved kgl.res. 9. januar 2009 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 jf. § 6 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

#### § 1. Avgrensing

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

*Førde kommune:* 30/1, 2, 3, 4, 31/1, 32/1, 2, 3, 5, 33/1, 2, 3, 5, 6, 7, 8, 10, 11, 12, 13, 34/1, 2, 4, 5.

*Gloppe kommune:* 1/1, 2, 3, 5, 6, 7, 10, 2/1, 3, 4, 5, 6, 7, 9, 10, 16, 18, 28, 31, 3/2, 3, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 15, 17, 4/1, 2, 5/1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, 19, 34, 36, 6/1, 2, 3, 4, 6, 12, 7/1, 2, 3, 6, 8/1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, 9, 9/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 17, 10/1, 2, 11/1, 2, 3, 11, 12/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 14, 19, 22, 23, 25, 36, 38, 39, 41, 51, 74, 82, 13/1, 2, 3, 4, 6, 7, 11, 14/1, 2, 3, 5, 6, 15/1, 2, 3, 4, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 16, 30, 16/1, 3, 4, 5, 6, 8, 10, 13, 14, 17/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 18/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 11, 14, 19/1, 2, 3, 4, 5, 6, 9, 11, 33/1, 34/2, 3, 99/1, 2, 3, 4, 5, 8, 11, 12, 13, 14, 100/1, 2, 3, 4, 5, 7, 10, 11, 13, 15, 16, 17, 21, 23, 28, 39, 58, 72, 119/1, 3, 120/1, 2, 3, 7, 121/1, 2, 3, 122/1, 2, 123/1, 2, 124/1, 2, 3, 4, 125/1, 2, 3, 127/1, 8.

*Jølster kommune:* 3/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 16, 27, 4/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 10, 11, 13, 14, 17, 18, 22, 36, 5/1, 2, 3, 4, 5, 6/1, 2, 3, 4, 6, 7, 9, 13, 26, 7/1, 2, 3, 4, 8, 11, 65/1, 66/1, 2, 3, 4, 67/1, 2, 4, 5, 8, 12, 68/1, 3, 69/1, 5, 6, 70/1, 2, 3, 71/1, 2, 3, 4, 6, 72/1, 2, 3, 4, 5, 7, 9, 73/1, 3, 4, 8, 9, 12, 13, 15, 26, 75/1, 2, 3, 4, 6, 9.

*Naustdal kommune:* 121/1, 2, 3, 7, 122/1, 2, 7, 123/1, 2, 5, 124/1, 2, 125/1, 2, 126/1, 2, 3, 127/1, 2, 3, 6, 7, 9, 10, 11, 14, 27, 28, 36.

Landskapsvernområdet har eit samla areal på omlag 393,3 km<sup>2</sup>.

Grensene for landskapsvernområdet er synt på kart i målestokk 1:50 000, datert Miljøverndepartementet januar 2009. Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkjast av i terrenget. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart finst i Førde, Gloppe, Jølster og Naustdal kommunar, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Miljødirektoratet og i Miljøverndepartementet.

#### § 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

#### § 3. Vernereglar

## 1. Landskapet

1.1. Området er verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnataka som følgjer av punkt 1.2 og 1.3 i forskrifta er det forbod mot inngrep som til dømes vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg eller andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, påfylling av masse, boring, sprenging, uttak og fjerning av stein, mineral eller fossil, drenering, anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i luft og i jord, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt og merking av stiar og turløyper. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Vedlikehald av bygningar og andre tekniske innretningar. Vedlikehald skal ikkje føre til endra utsjånad.
  - b) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5.
  - c) Anlegg for sinking av beitedyr og naudsynt gjerdehald for beitedyr i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar og liknande til beitedyr.
  - d) Vedlikehald av godkjende vegar og oppsetting av boltar for enkle båtfeste.
  - e) Regularering av følgjande vatn dersom det vert gjeve konsesjon etter vassdragsreguleringslova for kraftutbygging:
    - 1) Storevatnet i Gjengedalsvassdraget. Vasstanden må liggje innanfor øvre og nedre naturlege nivå.
    - 2) Stegsvatnet ved utbygging mot Årdal i Jølster. Vasstanden må liggje innanfor øvre og nedre naturlege nivå.
  - f) Rydding av beitemark som har grodd til, beiting, lauving og slått.
- 1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:
- a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.
  - b) Oppattbygging av gamle stølshus som har ramla ned eller bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
  - c) Oppføring av nye bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift som ikkje er i strid med verneformålet i samhøve med forvaltningsplanen etter § 5. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.
  - d) Oppføring av naust for grunneigarar som har bruksrett i området. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.
  - e) Oppføring av naust ved austenden av Traudalsvatnet i samhøve med vedteken kommunedelplan frå 1998. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.
  - f) Oppføring av eit mindre tal hytter i eit avgrensa område sør for Arnestadstøylen. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.
  - g) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.
  - h) Merking og opparbeiding av turstiar og merking av jaktpostar.

- i) Tilrettelegging for tømmertransport på vintervegar eller på barmark i samhøve med plan godkjent av forvaltingsstyresmakta.
- j) Bygging av ein enkel traktorveg frå Osen og innover mot Berdalselva i Traudalen.
- k) Bergverksdrift ved tunnel frå utsida av verneområdet.
- l) Prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift, jf. punkt 1.3.k.
- m) Kalking av sure vassdrag for å motverke verknad av sur nedbør under føresetnad av at kalkinga er godkjent av fylkesmannen.
- n) Bygging av ein enkel traktorveg til Nesstølen i Naustdal. Eit eventuelt løyve skal innehalde vilkår som gjev spesifikasjon for ei best mogleg tilpassing til landskapet.

## *2. Plantelivet*

- 2.1. Det er ikkje tillate å føre inn nye planter eller drive skogreising og treslagskifte i verneområdet.
- 2.2. Det er tillate å bruke verneområdet til tradisjonelt beite. Rydding av beitemark som har grodd til, lauving og slått er tillate.
- 2.3. Hogst av ved er tillate til bruk i hytter og stølshus i landskapsvernombordet.
- 2.4. I verneområdet kan det også skje anna hogst enn nemnt i punkt 2.3 dersom det er i samhøve med plan som er godkjent av forvaltingsstyresmakta. Planen skal ikkje stride mot følgjande prinsipp:
  - a) ta vare på det naturlege skogbiletet ved å nytte lukka hogstformer,
  - b) ikkje hogge edellauvskog eller fuktskog som pregar landskapet,
  - c) etablering av ny skog skal skje ved naturleg forynging.

## *3. Dyrelivet*

- 3.1. Det er ikkje tillate å føre inn nye dyrearter i verneområdet.
- 3.2. Jakt og fangst er tillate etter viltlova.
- 3.3. Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova.

## *4. Fersel*

- 4.1. All fersel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.
- 4.2. Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Annan organisert fersel og ferselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta. Ut over dette viser ein til forvaltningsplanen etter § 5.
- 4.3. Organisert bruk av hest er berre tillate på vegar og trasear som er fastlagde gjennom ein forvaltningsplan etter § 5 eller på anna vis godkjent av forvaltingsstyresmakta.
- 4.4. Store idrettsarrangement, større teltleirar og liknande, kan ikkje skje utan løyve frå forvaltingsstyresmakta.
- 4.5. Innanfor landskapsvernombordet kan Direktoratet for naturforvalting ved forskrift regulere eller forby fersel som kan vere til skade for naturmiljøet.
- 4.6. Reglane i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt fersel i samband med militær operativ verksem, søk og opprydding etter sprenglekamar som ved uhell landar i

verneområdet, politi-, ambulanse-, rednings-, brannvern- og oppsynsoppgåver eller gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta.

## 5. Motorferdsel

5.1. Motorferdsel er forbode både på land og på vatn, inkludert landing med fly og helikopter. Forbodet gjeld også bruk av modellfly, modellbåt og liknande dersom dei har motor.

5.2. Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) naudsynt motorferdsel ved militær operativ verksemd, søk og opprydding etter sprenglekamar som ved uhell landar i verneområdet, politi-, ambulanse-, rednings-, brannvern- og oppsynsoppgåver eller gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.
- b) motorferdsel på godkjende traktorvegar og løyper for snøskuter i samband med hogst i samhøve med godkjent plan, jf. punkt 2.4.
- c) bruk av påhengsmotor på heile Storevatnet i Gjengedalen.
- d) uttransport av sjuke eller skadde husdyr. Dyret må vere lokalisert før motorkøyrety blir tatt med inn i landskapsvernombordet. Køyrety som blir brukt skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevest melding til oppsynet etter køyringa.
- e) motorferdsel i samhøve med reglane i motorferdselsloven på godkjend traktorveg til Nesstølen i samband med beitebruk.

5.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftparty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

- a) øvingskøyring knytt til formål nemnt i punkt 5.2 a)
- b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite
- c) vedhogst og anna hogst i samhøve med punkt 2.4 inkludert å bruke traktor utanom sjølve traktorvegane på vinterføre
- d) storviltjakt
- e) transport av varer til hytter og stølar
- f) transport av materialar til vedlikehald og bygggearbeid på stølshus, hytter, gangbruar og liknande.

## 6. Forureining

6.1. Forureining og forsøpling samt bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.

6.2. Unødig støy er forbode.

## § 4. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar, for arbeid eller tiltak av vesentleg samfunnsmessig verdi og i andre særlege tilfelle, når dette ikkje er i strid med verneformålet.

## § 5. Forvaltningsplan

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare retningslinjer for forvalting, skjøtsel,

tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvalting.

**§ 6. Forvaltingsstyresmakt**

Direktoratet for naturforvalting bestemmer kven som er forvaltingsstyresmakt for landskapsvernombordet.

**§ 7. Rådgjevande utval**

Forvaltingsstyresmakta kan opprette eit rådgjevande utval for forvalting av landskapsvernombordet.

**§ 8. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## Vedlegg 2 Status for fiskebestandear (stort sett aure) i vatn innanfor Naustdal-Gjengedal Landskapsvernområde

Namn	Stad	Status	Merknad
<b>Førde kommune</b>			
Isvatnet		Usikker	
Nordvatnet		Usikker	
Tjørnene		Usikker	
<b>Jølster kommune</b>			
Stegsvatnet	Årdalskupa	Bra bestand	Godt fiskevatn
Kupevatnet	Årdalskupa	Tett bestand	Utfiskast - tynningstiltak
Trollekupevatnet	Trollekupa	Ikkje fisk	Sett ut fisk på -80 talet
Godtdalselva	Godtdalen	Ein del fisk	Småfisk – lita elv
Myklandseggvatnet	Førs - Nydalen	Overtett bestand	Tynningstiltak
Ålane	Førs - Nydalen	Mykje fisk	Godt fiskevatn
Botnavatnet	Førs – Nydalen	Fisk	Usikker reproduksjon
Tverrlivatnet	Førs - Nydalen	Overtett bestand	Tynningstiltak
Vasskarvatnet	Førs - Nydalen	Overtett bestand	Tynningstiltak
Langebotnvatnet	Helgheimsdalen		
<b>Naustdal kommune</b>			
Vassvendevatnet		Fisk – aure	Bestand i betring/god
Inste Langevatnet	Longvasstranda	Fisk – aure	Bestand i betring/god
Ytste Langevatnet	-----	Fisk- aure	Bestand i betring/god
Trollebottsvatnet	Trollebotnen	Fisketomt?	
Godalsvatna	Godtdalen	Fisk – røye og aure	Normal
Kupevatnet	Sør for Nesrimma	Fisk - røye	Overbefolka/middels
Svartepølevatnet in	Svartepøyla	Fisk – aure	Tynn bestand/tomt tidlegare
Svartepølevatne midt	-----	Fisk – aure	Betring/middels
Svartepølevatne yt	-----	Fisk – aure	Overbefolka
Holebottsvatnet	Holebotnen	Fisk – røye	Overbefolka
Lofthusvatnet		Fisk – røye/aure	Middels
Kupevatna	Gjengedalskaret	Fisk – røye	Overbefolka/røye
Nordavatnet	Sandfjellet	Fisk- aure	Tynn bestand ?
<b>Gloppe kommune</b>			
Hestedalsvatnet		Fisk	
Rokkevatn		Fisk	
Inste Dalevatnet		Fisk	Tiltak
Fremste Dalevatnet		Fisk	Tiltak
Vardevatnet		Fisk	
Trollevatnet		Fisk	
Søreidsskarsvatnet			
Jardalsvatna		Fisk	
Jardalsvatna		Fisk	
Jardalsvatna		Fisk	
Inste Grankupevatnet		Fisk	
Yste Grankupevatnet			
Øvre Ångsdalsvatnet		fisk	
Ångsdalsvatnet		fisk	Tiltak, utsetting av fisk
Langedalsvatnet		Fisk	Aktiv notkasting og garnsetjing for å redusere tal fisk
Breidalsvatnet, øvre			
Breidalsvatnet, nedre		Fisk	Aktiv notkasting og garnsetjing for å redusere tal fisk

<b>Namn</b>	<b>Stad</b>	<b>Status</b>	<b>Merknad</b>
Raudeholtvatnet			
Styggevatnet, øvre			
Styggevatnet, nedre			
Botnavatnet (Rygg/Grov)			
Instevatnet		Fisk	
Vesledalsvatnet			
Berdalsvatnet		Fisk	
Traudalsvatnet		Fisk	
Vasslivatnet		Fisk	
Styggelivatnet		Fisk	
Jørångevatnet		Fisk	
Langelvfjellvatna			
Fagredalsvatnet		Fisk	
Steinbotnvatnet			
Øvre Blådalsvatnet			
Blådalsvatnet		Fisk	
Blåfjellvatnet			
Måsevatnet		Fisk	
Rantebotsvatnet		Fisk	
Storevatnet		Fisk	
Risbottvatnet		Fisk	
Inste Blåvatnet		Fisk	
Yste Blåvatnet			
Holebotnvatnet			


Oversynet er utarbeidd i samarbeid med referansegruppa for forvaltningsplanen for Naustdal - Gjengedal landskapsvernområde.

### Vedlegg 3 Oversyn over bygningar mm. i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

	Område	Støl	Sel	Fjøs	Hytte/Tilsynsbu	Naust	Uthus	Steinbu	Tuft	Merknad
<i>Førde kommune</i>										
1	Angedalen	Brekkestølen	1	1						
2	Slettebotnsfjellet				1					Ikkje kartfesta
3	Nordvatnet				1					
					1					
<i>Gloppe kommune</i>										
4	Vetledalen				1		1			
5	Myklandsfjellet				1		1			
6	Korset				1		1			
7	Blådalen				1		1			
8	Øykjeheia				1		1			
9	Sørsendalen				1		1			
10	Hestedalen				1		1			
11	Blådalsvatnet					1				
12		Restøylen	2	3						
13	Fagredalen				4					
14	Langedalen	Osen								15 hytter/naust
15		Arnestadstøylen	8	6	4	2				3 hytter nær stølen Naust nord for stølen
16		Kvieneset					2			Høylader
17		Fitjestøylen	8	4	2					hytter sør for stølen
18	Langedalen				1					Hytta ligg inst i Langedalen
19	Ångsdalen				1					
20	Breidalen					1		2		Steinbuene er ikkje kartfesta
21	Svarthammaren				1					
22	Nibba				1					Ikkje kartfesta
23	Traudalen	Nord for Osen								21naust/hytter
24		Sør for Osen				8				
25		Dalsbøen	12	6		1				
26	Instedalen				1					Ikkje kartfesta
27	Dalane Osmundnes:				1					
28	Osmundnesskaret				1					

	<b>Område</b>	<b>Støl</b>	<b>Sel</b>	<b>Fjøs</b>	<b>Hytte/Tilsynsbu</b>	<b>Naust</b>	<b>Uthus</b>	<b>Steinbu</b>	<b>Tuft</b>	<b>Merknad</b>
29	Storevatnet				1					
30	Granekupa				1					
31	Måsedalen					1				
32	Blådalen						1			
33	Fagerdalen							1		
	<i>Jølster kommune</i>									
34	Stigsvatnet				1					
35	Kupevatnet				1					
36	Tverrlivatnet	Nydal (bak Skjorta)								Nedlagd reg 1935
37	Brekkefjellet				1					
	<i>Naustdal kommune</i>									
38		Vonastølen	1	0					2	
39	Instedalen	Nesstølen	1	1					3	
40	Instedalen	Nesrimma	1							
41	-----	Lofthusvatnet		3		1				
42	-----	Svorstølen								Nedlagd reg 1935
43	-----	Gotdalsstølen/ Risestøylen	2	1		1			1	Nedlagd reg 1935
44	-----	Longevasshytta		1	1					
45	-----	Storeveistølen							3	
46	-----	Tåstøylen								

## Vedlegg 4 Temakart kulturminne



### Kulturminner

- Kulturminner
- 1. Kreklingneset. Bosettingsområde
- 2. Langedalsvatnet. Hustuft, grop.
- 3. Traudalsvatn. Tuft.
- 4. Traudalsvatnet. Kullgrop.

## Vedlegg 5 Bilete frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde



**Botnafjellet (1572 m.o.h.), det høgaste fjellet i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.**



**Vonagarden ligg ved Vonavatnet inst i Naustedalen**



Tangane, eit artsrikt deltaområde ved Vonavatnet



Gjengedalsstøylen, inst i Gjengedalen. Ein støyl som framleis er i drift med mjølkeproduksjon om sommaren.



**Langedalen i Gloppe, med Gloppefjorden i bakgrunnen.**



**Naustmiljøet ved Osen i Traudalen.**



**Longevasshytta**, som ligg aust for Longevatna i Naustdal kommune. Det er Indre Sunnfjord Turlag som eig og driv hytta.



**Årdalskupa og Stegsvatnet i Jølster.**



**Stegen ved Stegsvatnet. Stien til Longevasshytta går under Stegen.**



**Inste del av Storevatnet i Gjengedalen. Byrkjeneset til venstre og Måsevassdalen til høgre.**



**Slått på Arnestadstøylen.**



**Nesstølen i Naustedalen, aust for Vonavatnet.**